



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Fjernmøte på Teams
Dato:	22.02.2021
Tid:	10:00

Møteplan:

- Kl. 10.00 - 11.00 Rådmannen orienterer om
- Oppfølging av revisjonsrapport nr. 12 2019 frå Deloitte
 - System for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing
 - Arbeidet med etikk i Kvam herad
- Kl. 11.00 - Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så snart som råd ved å ringa til Roald Breistein tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møte, vil det bli gitt nærare beskjed.

Det er planlagt at Roald Breistein møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21 GK 2/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll etter møte i Kontrollutvalet 07.12.2020	2020/73	
	Referatsaker		
RS 1/21	Vedtak i HST 10.12.20 - Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024	2020/91	
RS 2/21 RS 3/21	Vedtak i HST 10.12.20 - Auke i egenkapital Hardanger AKS Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen	2019/47 2020/168	
	Politiske saker		
PS 1/21	Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte	2020/168	
PS 2/21	Rådmannen orienterer om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing	2020/77	
PS 3/21	Rådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Kvam herad	2020/191	
PS 4/21	Deloitte presenterer risiko- og vesentlegvurdering av etterleving med økonomiforvaltninga for 2020	2020/168	
PS 5/21	Kurs i regi av Deloitte første halvår 2021	2018/49	
PS 6/21	Møteplan for Kontrollutvalet i Kvam herad for 2021	2020/56	
PS 7/21	Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020	2015/170	
PS 8/21	Forvaltningsrevisjon - Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar - Status i arbeidet ved Deloitte	2020/185	
PS 9/21	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad	2019/19	
PS 10/21 PS 11/21	Gjennomgang av møteprotokollar Eventuelt	2020/74 2020/77	

Godkjenningssaker
GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/73-17
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	2/21	22.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 07.12.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.12.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Fjernmøte på Teams
Dato:	07.12.2020
Tid:	09:00 - 12.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Anita Sørnes	Medlem	FRP
Svanhild A. Botnen	Medlem	SP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Anita Hesthamar	Rådmann
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor i Deloitte, Sak PS 31/20
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/20 GK 10/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Kontrollutvalet 21.09.2020	2020/73	
	Referatsaker		
RS 22/20	Vedtak i HST 29.09.20 - Høve til å arrangera fjernmøter med heimel i kommunelova § 11-7	2020/135	
RS 23/20	Vedtak i HST 29.09.20 - Korreksjon eigarstrategi 2020-2021	2019/47	
RS 24/20	Vedtak i HST 29.09.20 - Kvam herad - 2.tertialrapport 2020	2020/168	
RS 25/20	Vedtak i HST 29.09.20 - Økonomireglement for Kvam herad	2020/168	
RS 26/20	Vedtak i HST 03.11.20 - Tilstandsrapport for barnehage og skule 2019-2020	2019/46	
RS 27/20	Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av § 23-5	2019/139	
RS 28/20	Svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2020/144	
RS 29/20	FKT - medlemsinformasjon november 2020	2020/90	
	Politiske saker		
PS 31/20	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2020 for Kvam herad	2020/168	
PS 32/20	Forvaltningsrevisjon - Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar	2020/185	
PS 33/20	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll	2018/21	
PS 34/20	Gjennomgang av møteprotokoller	2020/74	
PS 35/20	Eventuelt	2020/77	

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Kontrollutvalet 21.09.2020

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.09.2020 vart samrøystes vedteke.

Referatsaker

RS 22/20 Vedtak i HST 29.09.20 - Høve til å arrangera fjernmøter med heimel i kommunelova § 11-7

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 23/20 Vedtak i HST 29.09.20 - Korreksjon eigarstrategi 2020-2021

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 24/20 Vedtak i HST 29.09.20 - Kvam herad - 2.tertialrapport 2020

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 25/20 Vedtak i HST 29.09.20 - Økonomireglement for Kvam herad

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 26/20 Vedtak i HST 03.11.20 - Tilstandsrapport for barnehage og skule 2019-2020

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 27/20 Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av § 23-5

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 28/20 Svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 29/20 FKT - medlemsinformasjon november 2020

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 31/20 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2020 for Kvam herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2020 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, presenterte resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen for 2020 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2020 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

PS 32/20 Forvaltningsrevisjon - Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon «Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Arbeidet er vorte noko forseinka grunna manglande kapasitet i administrasjonen. Det kan medføre at levering av rapport også kan verta forseinka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 33/20 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av internkontroll, sidan førre rapportering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av internkontroll, sidan førre rapportering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.

PS 34/20 Gjennomgang av møteprotokoller

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

I dette møtet vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 29.09. og 03.11.2020
- Formannskapet 23.09., 25.09. 28.10. og 25.11.2020
- Miljø, plan og bygningsutval 01.09., 22.09., 27.10. og 23.11.2020

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 35/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 07.12.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

I samband med dette møtet gjennomførte Deloitte eit 2-timars kurs innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kontrollutvalet i tidsrommet kl. 9.00 - 11.00.

Kontrollutvalet vart samde om at første møte i utvalet i 2021 vert lagt til 22.02.2021.

Håvard Gjerde (R) foreslo følgjande:

Bakgrunn:

Om elevane sine ferdigheiter i symjing seier kompetansemåla for grunnskuleopplæringa at elevar ved utgangen av 4. klasse skal:

«vere symjedyktig ved å falle uti på djupt vatn, symje 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg), så symje 100 meter på rygg og ta seg opp på land.»

Denne målsettinga har status som ei forskrift til opplæringslova, som heradet etter § 13-10 har ansvar for å oppfylle.

Spørsmål:

Kva system har heradet for å kartlegge elevar som ikkje har nådd desse kompetansemåla, og korleis vert elevane eventuelt følgt opp for å nå måla snarast mogleg?

Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vart samde om at første møte i utvalet i 2021 vert lagt til 22.02.2021.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte 22.02.2021 for å gjera greie for: Kva system har heradet for å kartlegge elevar som ikkje har nådd kompetansemåla når det gjeld symjing, og korleis vert elevane eventuelt følgt opp for å nå måla snarast mogleg?

Referatsaker

RS 1/21 Vedtak i HST 10.12.20 - Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre	10.12.2020	136/20
Kvam formannskap	25.11.2020	116/20
Kvam Ungdomsråd	19.11.2020	041/20
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre	19.11.2020	027/20
Kvam arbeidsmiljøutval	20.11.2020	007/20
Kvam Ungdomsråd	23.11.2020	050/20

Avgjerd av:	Arkiv: N-102	Arkivsaknr
Saksh.: Neteland, Kristi	Objekt:	20/728 - 4

Kvam herad - Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Behandling i politiske utval:

19.11.2020, RMNFE- 027/20 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2021:

1. Økonomiske rammer

- a. *Budsjettet for er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til Kommuneleoven § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).*
- b. *Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.*
- c. *Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenesteområda.*
- d. *Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.*
- e. *Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp bustader på inntil 10 mill.kr. per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.*
- f. *Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.*
- g. *Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).*
- h. *Finansielle måltal er vedtekne i HST sak 142/19. Finasielle måltal for perioden:*
 1. *Lånegjeld i % av driftsinntekteneskal ikkje overstiga 160% i*

økonomiplanperioden.

2. Netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 0 % av driftsinntektene i perioden 2021 -2024, samla for alle åra

2. Finans- og gjeldsfullmakter

- a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-088/16), vedteke 27.09.2016. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill.kr.
- b. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2021 er 131,7 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar per 01.01.2021.
- c. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 15,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).
- d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.
- e. Det skal betalast 38 mill.kr i avdrag i 2021 på ordinære lån og 2,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset. Avsetnad til skattemargin skal vera på 10%.

4. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5.Sal av heimfalls- og konsesjonskraft

- a. Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år) i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med HST-070/20 – Strategi for sal av kraft.

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler

- a. Møtegodtgjerse vert utbetalt i tråd med HST-027/19, «Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad», med unntak av godtgjersle til ordførar og varaordførar, som er endra til 95 % av godtgjersle til stortingsrepresentantar, og 20 % av ordførar si godtgjersle til varaordførar.

7. Busetjing av flyktingar

- a. Kvam herad skal ta i mot 15 flyktingar*

Bemanninga ved HAKS må sikrast økonomisk i budsjettet for 2021 og økonomiplanen 2021. Avvik må lukkast og lovpålagde oppgåver ivaretakast jfr. bemanningskrav 1:5.

Innarbeida midlar i budsjett 2021 til oppstart av arbeidet med sansehage ved Toloheimen.

Vedgåande særskilt tilrettelagt skyss (arbeidskøyring):

RMNFE bed om at heradet løyver pengar til kostnaden med arbeidsskyss til HAKS slik at endringane ikkje går ut over brukarane.

20.11.2020, AMU- 007/20 Vedtak:

1. AMU meiner prinsippet om tidleg innsats og det forebyggjande arbeidet er viktig å vidareføra, sjølv om det er behov for økonomiske innstrammingar.
2. AMU vil følgja med på dei ulike prosessane som pågår innan førebygging av vald og truslar mot tilsette.
3. AMU ber om at det framleis blir arbeidd målretta for å få ned sjukefråværet i organisasjonen.

23.11.2020, URÅD- 050/20 Vedtak:

Kjære heradsstyre

Det er tronge tider økonomisk og det heng ei mørk sky over oss den komande budsjettperioden. Det er føreslått mange kutt for å få kommuneøkonomien til å gå rundt. Vanlegvis kjem me i ungdomsrådet med ei liste der me kjem med ynskjer til kva som skal vera med i budsjettet. I år føler me at me i tillegg vil komma med to sentrale punkt som de bør ha ekstra fokus på når de skal utforma dette budsjettet.

Distrikta

Distrikta i kommunen er viktig, det er i bygdene kring Norheimsund/Øystese ein i framtida vil kunne finna tomter og nye bustader. Det er i distrikta våre me kan driva store verksemder innan industri, akvakultur og landbruk. Dette er verksemder med store ringverknadar i heile kommunen. Om me no kuttar i distrikta vil dei verta mindre attraktive for ungdom/unge vaksne. Då vil me ha ein sterkt sentralisert kommune utan levande grender. Me ser kor mykje positivt som vert skapt i heile Kvam, dette kan me ikkje gje slepp på.

Ungdommen er framtida

Det aller viktigaste når ein vedtar budsjett er at dei unge er ivaretekne. Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam er ein attraktiv kommune dei kan busetja seg i. Me treng difor gode fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar. Det er og viktig at Kvam Herad legg til rette for at lokale vidaregåande skular kan ha relevante linjer slik at dei unge vert attraktive i tilsetjingsprosessane til lokale bedrifter.

- Kvam Ungdomsråd

Grunnskule

Ikkje endring av skulestruktur i Kvam

- Kvam ungdomsråd ønskjer heller ikkje i denne budsjettperioden at det vert gjort endringar i skulestrukturen. Dette gjeld alle dei kommunale skulane.
- Kvam ungdomsråd ber om at det vert sett på moglegheitene for om Tørvikbygd skule og Strandebarm skule kan ha den same rektoren. Dette for å sjå om denne ordninga kan ha ein økonomisk vinst og om det er forsvarleg både for elevevar og tilsette ved skulane.

Viktig med tilgang på PC og nettbrett til alle elevane

Kvam ungdomsråd vil påpeika også i år at det er viktig at alle elevar i 1-10. klassetrinn har tilgang til PC/nettbrett fordi dette vil kunna viska ut dei økonomiske skilnadane mellom elevane. PC/nettbrett er eit naudsynt arbeidsverktøy for elevane og er avgjerande for utviklinga av den digitale kompetansen deira.

Kompetanse hos lærarar

Ungdomsrådet har merka seg at kompetansen blant lærarane når det gjeld bruk av digitale verktøy har betra seg og er takksame for dette. Det er viktig at elevane ikkje opplever tap av tid til undervisning på grunn av manglande kompetanse hos lærarane.

Kantine på skulane

Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad skal overta kantinedrifta på Kvam ungdomsskule og Strandebarn skule slik at tilbodet blir likt på skulane. Kvam ungdomsråd meiner at overskotet frå inntektene på kantinedrifta på skulane (Kvam ungdomsskule og Strandebarn skule) skal gå til Kvam herad i staden for elevråda. Dette for å få større grad av inntening.

Medlemskap i Elevorganisasjonen

Kvam ungdomsråd oppmodar om at alle skulane i Kvam blir medlem i Elevorganisasjonen fordi her har skulane høve til å søkje organisasjonen om midlar på inntil 40 000 kr til elevrådsarbeid per skule. Desse midlane kan til dømes brukast til felles arrangement for elevane på skulen (t.d. gratis skulemåltid/ aktivitetsdag/ turdag).

Sosialfagleg kompetanse i skulen

Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt med sosialfagleg kompetanse i skulen, fordi dette tilfører ein breiare og betre kunnskap til å kunna ivareta barn og unge i skulekvardagen deira.

Vidaregåande opplæring

Læretilbod/ lærlingtilbod i Kvam

- *Kvam ungdomsråd meiner at det er viktig at Kvam herad held fram med å arbeida aktivt for å oppretthalda eksisterande linjer på Kvam vidaregåande skule og oppmodar fylkeskommunen om å tenkja på å oppretta nye linjer slik at det blir attraktivt å søkja seg til Kvam. Dette bør heradet særleg tenka på i prosessen med bygging av ny skule.*
- *Variasjon i lærlingplassar er viktig, Kvam ungdomsråd ber difor også i år om at Kvam herad satsar på lærlingplassar innanfor fleire fagområde (TIP- elektro, mekaniske yrke, bygg og forskalingsfag) og at Kvam herad prioriterer "lærebedrifter" i Kvam herad sine anbodsprosessar.*

Kommunehelse

Helsestasjon for ungdom

Ungdomsrådet stiller seg framleis positive til at Helsestasjon for ungdom blir flytta inn i eige bygg.

Trivsel og haldningar

- *Kvam ungdomsråd er positive til at det vert arbeidd aktivt på skulane med trivsel og haldningar.*

- *Kvam ungdomsråd er glade for at det er ein "nulltoleranse" i Kvam for mobbing på skulane. Ungdomsrådet er likevel uroa over at tilstandsrapporten frå skule viser at 12,8 % av elevane på 7. trinn seier at dei har opplevd mobbing. Gjennomsnittet på landsbasis på 7. trinn er 7 %.*
- *Kvam ungdomsråd er glade for at Kvam herad deltek i lokale-, regionale- og nasjonale prosjektgrupper for å betra mellom anna psykisk helsehjelp blant barn og unge. Kvam Ungdomsråd er så heldige at me har representantar sitjande i fleire av desse gruppene.*
- *Kvam ungdomsråd deltok i 2020 i prosjektet «Korleis vil me leva saman» som handla om møteplassar for ungdom i Kvam. Kvam ungdomsråd håpar at dette er noko som Kvam herad vil arbeida vidare med i 2021 fordi gode møtestadar er viktig for ungdom og deira trivsel. Trygge møtestadar genererer trivsel!*

Utekontakten og helsesjukepleiartilbodet på skulane

- *Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt at Kvam herad har ein så aktiv og synleg Utekontakt, som reiser rundt og besøker elevane på skulane. Utekontakten representerer ein ekstra tryggleik for ungdom som har det vanskeleg fordi det kan vera lettare å snakka med Utekontakten i staden for andre vaksne.*
- *Det er naudsynt at helsesjukepleiarane er ute på skulane og er positive til at denne tenesta ikkje vert redusert i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021, men påpeikar at helsesjukepleiarane må bli endå meir synlege på skulane slik at elevane kan ta kontakt. Det er viktig at helsesjukepleiarane presenterer seg i klassane, spesielt på 8.- klassetrinnet.*

Kultur

Kultur og idrett

Kvam ungdomsråd meiner at kultur og idrett er viktig for barn og unge i Kvam og at det også må prioriterast i neste års budsjett, difor ønskjer ikkje Kvam ungdomsråd at det blir kutta i tilskot til lag og organisasjonar slik rådmannen føreslår i sitt framlegg. Frivillige lag og organisasjonar genererer til stor verdiskaping og godt fellesskap i heile kommunen vår.

Kino

Kvam Ungdomsråd ynskjer at heradet skal sjå på endring av driftsmodellen på kinoen i Norheimsund. Kinoen er eit godt kulturtilbod for dei unge, men det er og mange framsyningar som er dårleg besøkte.

Organisasjon og politikk

Budsjett for Kvam ungdomsråd

- *Kvam ungdomsråd har forståing for at budsjettet til Kvam ungdomsråd har blitt halvvert til 150 000 kr. Ungdomsrådet vil påpeika at budsjettåret 2020 ikkje er representativt på grunn av koronasituasjonen. Fleire av utgiftspostane har vorte kraftig redusert og aktivitetsnivået for ungdomsrådet med unnatak av lokal møteverksemd har ikkje vore så stor som rådet rekna med.*
- *Kvam ungdomsråd meiner at utgiftene knytt til dei to politisk valde representantane frå heradsstyret ikkje skal belastast ungdomsrådet sitt budsjett. Dette ønskjer ungdomsrådet fordi det ikkje er ungdomsrådet sjølve som t.d. bestemmer deira godtgjersle. Den er fastsett i forskrifta Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad.*

- *Fjernmøter*
Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad (heile organisasjonen både administrasjon og politisk) bør arrangera nett-møter (teams-møter) der dette er mogeleg. Erfaringane med nettmøter i løpet av 2020 viser at dette er ei god løysing samstundes som det er mindre ressurskrevjande.
- *El-bil*
Kvam ungdomsråd viser til dei store kostnadane knytt til køyregodtgjersle og oppmodar om at Kvam herad leaser ein eller fleire el- bilar som kan nyttast av tilsette og politikarar som skal på tenestereiser. Dette vil vera kostnadssparande og ei betre løysing for miljøet.
- *Kvam MPB*
Kvam Ungdomsråd ynskjer at ein vurderer ei avvikling av Kvam Miljø, plan, og byggutval. Me kan ikkje vera med på å saldera budsjettet med kutt i viktige tilbod for born og unge når me veit at heradet har eit politisk utval som ikkje er lovpålagt, har lite saker og kostar oss mykje.
- *Tilskot til elektronisk utstyr*
Kvam Ungdomsråd håpar ein kan sjå på å kutta i tilskot til elektronisk utstyr for politikarar som er folkevald i høgare instans, i fyrste rekke fylkesnivå, om desse mottar eit tilsvarande tilskot for det vervet.

Samferdsel

Kollektivtilbod

Kvam ungdomsråd er framleis ikkje nøgd med kollektivtilbodet i Kvam, særleg frå utkantane i Kvam til dei sentrumsnære områda. Ungdomsrådet ber difor om at kommunen prioriterer å arbeida for å betra tilbodet (spesielt når det gjeld kveldar og helg).

Grunngjeving: Ungdomsrådet viser til at Ungdomsbasen i Norheimsund, er eit tilbod for alle ungdomane i Kvam. Det bør difor også vera eit skysstilbod til/ frå for ungdom som bur i utkanten av kommunen slik at dei ikkje er avhengig av privat transport.

Trygge kommunale vegar

Kvam ungdomsråd ønskjer at Kvam herad prioriterer trygge kommunale vegar. Spesielt rassikring. Kvam ungdomsråd meiner vidare at Kvam herad må prioritera gang- og sykkelvegar der elevane ikkje har rett på skuleskyss.

Privatisering av kommunale vegar

Kvam Ungdomsråd ynskjer å sjå på mogelegheita til å privatisera kommunale vegar til friluft- og rekreasjonsområde. Vegar til slike stader har i dei fleste tilfelle eit veglag som krev vegavgift. Kvam Ungdomsråd håpar heradet kan finna ut om ei slik løysing på til dømes Fitjadalsvegen vil vera rekningsvarande.

Reiseliv

- *Kvam Ungdomsråd meiner at heradet må legga til rette for at Kvam skal ha ein aktiv reiselivs sektor. Dette gjennom å hjelpa i oppstarten av nye, lovande verksemder, samt å hjelpa dei etablerte verksemdene som ynskjer å ekspandera.*
- *Kvam Herad må legga til rette for reiselivsverksemder som har fokus på aktivitetar for born og unge. Dette tilbodet er det alt for lite av i Kvam den dag i dag.*

Sluttord

Det er ikkje tvil om at det er eit krevjande arbeid å lappa saman ein kommunebudsjett. Det er mange som skal takast hensyn til og på slutten av dagen vil ein gjerne ha att pengar til å utføra ikkje lovpålagde oppgåver. Mange av dei oppgåvene kan i enkelte tilfelle spare kommunen for pengar. Difor er det viktig at kutta i budsjett ikkje går utover dei tiltaka som kommunen har for å unngå å bruka unødvendige midlar. Hugs og dei to viktigaste tinga ein må ha i hovudet når ein jobbar med budsjett, nemleg distrikta og ungdomen.

Saksordførarar: Sander Eide Aase og Eusebiu Amanalachioai

25.11.2020, FSK- 116/20 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg og endringar:

Framlegget har følgjande endringar:

Post 1. Auken i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbyte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemsskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 100.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulen vert oppretthalden.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 500.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.

Sommaropen barnehage.

Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

Post 25. Spesialundervisning skule/barnehage

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tillpassa opplæring i heradet. Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplasser på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å opprettholde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgåve å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å oppretthalde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Gebyret for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjenforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:

Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.

2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetting, stillingsbank, seniortiltak m.m.

3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggest fram for heradstyret for handsaming.

4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan

Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsvurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	-3 700 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvaltninglandbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022	-		-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til egne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingarstillingstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarm Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontorteneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar tidlegare år	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Redusera tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarm bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusera stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-500 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Saksordførar: Hans Arne Børshem, KrF

10.12.2020, HST- 136/20 Vedtak:

Rådmannen sitt budsjettframlegg med tillegg, frå Ap , KrF , Høgre og FrP.

Framlegget har fylgjande endringar:

Post 1. Auken i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbytte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 00.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. **Heradsstyret ynskjer at boktilbodet skal stå ved lag i Ålvik.** Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. **Heradsstyret føreset at dette skjer i samråd med representantar frå bygda/grendeutvalet.** Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. **Heradsstyret ynskjer at boktilbodet skal stå ved lag i Strandebarm.** Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av

lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på plass. *Heradsstyret føreset at dette skjer i samråd med representantar frå bygda/grendeutvalet* Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulestrukturen vert uendra.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 475.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.

Sommaropen barnehage.

Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

*** Post 25. Spesialundervisning/støttefunksjonar:**

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tilpassa opplæring i heradet.

Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrar mange. Reduksjon føreset vridning frå eineundervising til støttetiltak.

Ein ber om at rådmannen rapporterer løpande i tertialrapportane - spesielt på korleis støttefunksjonar vert nytta for å få dette til.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplassar på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å opprettholde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgåve å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å opprettholde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Gebyret for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjennforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:

Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.
 2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetting, stillingsbank, seniortiltak, **sluttpakkar** m.m.
 3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggjast fram for heradstyret for handsaming.
 4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan
- Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsevurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

**Heradsstyret ser Hardangerrådet si verksemd som vesentleg for å ivareta regionen sine interesser overfor fylke og stat, og føreset eit aktivt samarbeid med Hardangerrådet for å vareta dette når løyvingane til rådet vert reduserte frå 2023.*

** Med bakgrunn i utfordringar knytt til klima og miljø-utfordringane vi står i, og regjeringa si målsetnad om å redusere klimautslipp med 50% til 2030, ynskjer Kvam herad å gjere tiltak for smart bruk av energi i kommunal verksemd. Jf rådmannen kan reduksjon av innetemperatur med 1 grad kunne gje reduserte utgifter til drift storleik kr 60 000 Rådmannen får i oppgåve å engasjere skuler og institusjonene til smart enegiforbruk.*

** Kvam herad skal nytte sin makt ved innkjøp og alltid vurdere grønne vilkår ved innkjøp. Dvs legge inn vurderingar av omsyn til: klima, naturmangfald og sirkulærøkonomi , der det er aktuelt ,når ein skal velge leverandør.*

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	#####	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvaltning/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusere heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022	-		-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til eigne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingar/stillingsstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarm Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontorteneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-	-	-	-
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusere spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Redusere tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarm bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusere stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-475 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Innsparing politisk representasjon RMNFE og Ungd.råd	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Innsparing MPB	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2021:

1. Økonomiske rammer

- Budsjettet for er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til Kommuneleoven § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).
- Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.
- Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenesteområda.
- Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.
- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp bustader på inntil 10 mill.kr. per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.
- Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i

eventuelle krisesituasjoner.

- g. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).
- h. Finansielle måltal er vedtekne i HST sak 142/19. Finansielle måltal for perioden:
 - 1. Lånegjeld i % av driftsinntekteskal ikkje overstiga 160% i økonomiplanperioden.
 - 2. Netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 0 % av driftsinntektene i perioden 2021 -2024, samla for alle åra

2. Finans- og gjeldsfullmakter

- a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-088/16), vedteke 27.09.2016. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill.kr.
- b. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2021 er 131,7 mill.kr med fråtrekk av ubrukne lånemidlar per 01.01.2021.
- c. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 15,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).
- d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.
- e. Det skal betalast 38 mill.kr i avdrag i 2021 på ordinære lån og 2,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset. Avsetnad til skattemargin skal vera på 10%.

4. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft

- a. Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år) i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med HST-070/20 – Strategi for sal av kraft.

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler

- a. Møtegodtgjerse vert utbetalt i tråd med HST-027/19, «Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad», med unntak av godtgjersle til ordførar og varaordførar, som er endra til 95 % av godtgjersle til stortingsrepresentantar, og 20 % av ordførar si godtgjersle til varaordførar.

7. Busetjing av flyktingar

- a. Kvam herad skal ta i mot 15 flyktingar*

Samandrag:

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vert presentert digitalt i verksemdstyringssystemet Framsikt. Innhaldet ligg ved sakspapira i dokumentformat. På sikt skal òg planarbeid med mål og tiltak leggjast inn i verksemdstyringssystemet og integrerast i

budsjett/økonomiplan. Denne gongen er det eit eige dokument på mål og tiltak som er lagt ved sakspapira.

Det kommunale føretaket Kvam Kvammabadet KF sitt budsjettframlegg er integrert i Kvam herad sitt budsjettframlegg som eit konsern. Postane i framlegget litt som eit eige vedlegg. I tillegg er det lagt ved ein oversikt på dei ulike fondsmidlane kommunen har, og kva bindingar som er knytt til dei.

*I etterkant av budsjettpresentasjonen til rådmannen, har kommunen motteke anmodningbrevet til IMDI for mottak av flyktningar i 2021. Tidlegare har det vore varsla at det sannsynlegvis ikkje vart fleire enn 8. No er dette endra til 15. Det er ei føremon at kommunen mottok fleire, då ein del av utgiftene er faste uavhengig av kor mange me mottok medan tilskotet aukar. Rådmannen tilrår difor å endra 15 og fjerna atterhald om familiegjenforening, i tråd med anmodningsbrev frå IMDI. På grunn av pandemisituasjonen er det svært usikkert kor mange som kjem. Rådmannen avventar difor ev. justering av budsjettpostar til 1. og/eller 2. tertial i 2021.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
705677	Kvam Herad Budsjett 2021 - Økonomiplan 2021-2024
705678	Mål og tiltak 2021
705488	Kvammabadet KF - Budsjett 2021
705486	Fondsoversikt Budsjett 2021-2024

19.11.2020 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Råmnnen sitt framlegg med tillegg:

Bemanninga ved HAKS må sikrast økonomisk i budsjettet for 2021 og økonomiplanen 2021. Avvik må lukkast og lovpålagde oppgåver ivaretakast jfr. bemanningskrav 1:5. Innarbeida midlar i budsjett 2021 til oppstart av arbeidet med sansehage ved Toloheimen. Vedgåande særskilt tilrettelagt skyss (arbeidskøyring) RMNFE bed om at heradet løyver pengar til kostnaden med arbeidsskyss til HAKS slik at endringane ikkje går ut over brukarane.

RMNFE- 027/20 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2021:

1. Økonomiske rammer

- a. *Budsjettet for er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til Kommuneloven § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).*
- b. *Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.*
- c. *Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenesteområda.*
- d. *Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som*

- t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.
- e. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp bustader på inntil 10 mill.kr. per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.
 - f. Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.
 - g. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).
 - h. Finansielle måltal er vedtekne i HST sak 142/19. Finansielle måltal for perioden:
 - 1. Lånegjeld i % av driftsinntekteneskal ikkje overstiga 160% i økonomiplanperioden.
 - 2. Netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 0 % av driftsinntektene i perioden 2021 -2024, samla for alle åra

2. Finans- og gjeldsfullmakter

- a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-088/16), vedteke 27.09.2016. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill.kr.
- b. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2021 er 131,7 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar per 01.01.2021.
- c. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 15,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).
- d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.
- e. Det skal betalast 38 mill.kr i avdrag i 2021 på ordinære lån og 2,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset. Avsetnad til skattemargin skal vera på 10%.

4. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5.Sal av heimfalls- og konsesjonskraft

- a. Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år) i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med HST-070/20 – Strategi for sal av kraft.

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler

- a. Møtegodtgjerlse vert utbetalt i tråd med HST-027/19, «Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad», med unntak av godtgjersle til ordførar og varaordførar, som er endra til 95 % av godtgjersle til stortingsrepresentantar, og 20 % av ordførar si godtgjersle til varaordførar.

7. Busetjing av flyktingar

- a. Kvam herad skal ta i mot 15 flyktingar*

Bemanninga ved HAKS må sikrast økonomisk i budsjettet for 2021 og økonomiplanen 2021. Avvik må lukkast og lovpålagde oppgåver ivaretakast jfr. bemanningskrav 1:5.

Innarbeida midlar i budsjett 2021 til oppstart av arbeidet med sansehage ved Toloheimen.

Vedgåande særskilt tilrettelagt skyss (arbeidsskyring):

RMNFE bed om at heradet løyver pengar til kostnaden med arbeidsskyss til HAKS slik at endringane ikkje går ut over brukarane.

20.11.2020 Kvam arbeidsmiljøutval

Fellesframlegg:

1. AMU meiner prinsippet om tidleg innsats og det forebyggjande arbeidet er viktig å vidareføra, sjølv om det er behov for økonomiske innstrammingar.
2. AMU vil følgja med på dei ulike prosessane som pågår innan førebygging av vald og truslar mot tilsette.
3. AMU ber om at det framleis blir arbeidd målretta for å få ned sjukefråværet i organisasjonen.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

AMU- 007/20 Vedtak:

1. AMU meiner prinsippet om tidleg innsats og det forebyggjande arbeidet er viktig å vidareføra, sjølv om det er behov for økonomiske innstrammingar.
2. AMU vil følgja med på dei ulike prosessane som pågår innan førebygging av vald og truslar mot tilsette.
3. AMU ber om at det framleis blir arbeidd målretta for å få ned sjukefråværet i organisasjonen.

23.11.2020 Kvam Ungdomsråd

Fellesframlegg:

Kjære heradsstyre

Det er tronge tider økonomisk og det heng ei mørk sky over oss den komande budsjettperioden. Det er føreslått mange kutt for å få kommuneøkonomien til å gå rundt. Vanlegvis kjem me i ungdomsrådet med ei liste der me kjem med ynskjer til kva som skal vera med i budsjettet. I år føler me at me i tillegg vil komma med to sentrale punkt som de bør ha ekstra fokus på når de skal utforma dette budsjettet.

Distrikta

Distrikta i kommunen er viktig, det er i bygdene kring Norheimsund/Øystese ein i framtida vil kunne finna tomter og nye bustader. Det er i distrikta våre me kan driva store verksemder innan industri, akvakultur og landbruk. Dette er verksemder med store ringverknadar i heile

kommunen. Om me no kuttar i distrikta vil dei verta mindre attraktive for ungdom/unge vaksne. Då vil me ha ein sterkt sentralisert kommune utan levande grender. Me ser kor mykje positivt som vert skapt i heile Kvam, dette kan me ikkje gje slepp på.

Ungdommen er framtida

Det aller viktigaste når ein vedtar budsjett er at dei unge er ivaretekne. Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam er ein attraktiv kommune dei kan busetja seg i. Me treng difor gode fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar. Det er og viktig at Kvam Herad legg til rette for at lokale vidaregåande skular kan ha relevante linjer slik at dei unge vert attraktive i tilsetjingsprosessane til lokale bedrifter.

- Kvam Ungdomsråd

Grunnskule

Ikkje endring av skulestruktur i Kvam

- Kvam ungdomsråd ønskjer heller ikkje i denne budsjettperioden at det vert gjort endringar i skulestrukturen. Dette gjeld alle dei kommunale skulane.
- Kvam ungdomsråd ber om at det vert sett på moglegheitene for om Tørvikbygd skule og Strandebarm skule kan ha den same rektoren. Dette for å sjå om denne ordninga kan ha ein økonomisk vinst og om det er forsvarleg både for elevevar og tilsette ved skulane.

Viktig med tilgang på PC og nettbrett til alle elevane

Kvam ungdomsråd vil påpeika også i år at det er viktig at alle elevar i 1-10. klassetrinn har tilgang til PC/nettbrett fordi dette vil kunna viska ut dei økonomiske skilnadane mellom elevane. PC/nettbrett er eit naudsynt arbeidsverktøy for elevane og er avgjerande for utviklinga av den digitale kompetansen deira.

Kompetanse hos lærarar

Ungdomsrådet har merka seg at kompetansen blant lærarane når det gjeld bruk av digitale verktøy har betra seg og er takksame for dette. Det er viktig at elevane ikkje opplever tap av tid til undervisning på grunn av manglande kompetanse hos lærarane.

Kantine på skulane

Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad skal overta kantinedrifta på Kvam ungdomsskule og Strandebarn skule slik at tilbodet blir likt på skulane. Kvam ungdomsråd meiner at overskotet frå inntektene på kantinedrifta på skulane (Kvam ungdomsskule og Strandebarn skule) skal gå til Kvam herad i staden for elevråda. Dette for å få større grad av inntening.

Medlemskap i Elevorganisasjonen

Kvam ungdomsråd oppmodar om at alle skulane i Kvam blir medlem i Elevorganisasjonen fordi her har skulane høve til å søkje organisasjonen om midlar på inntil 40 000 kr til elevrådsarbeid per skule. Desse midlane kan til dømes brukast til felles arrangement for elevane på skulen (t.d. gratis skulemåltid/ aktivitetsdag/ turdag).

Sosialfagleg kompetanse i skulen

Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt med sosialfagleg kompetanse i skulen, fordi dette tilfører ein breiare og betre kunnskap til å kunna ivareta barn og unge i skulekvardagen

deira.

Vidaregåande opplæring

Læretilbod/ lærlingtilbod i Kvam

- Kvam ungdomsråd meiner at det er viktig at Kvam herad held fram med å arbeida aktivt for å oppretthalda eksisterande linjer på Kvam vidaregåande skule og oppmodar fylkeskommunen om å tenkja på å oppretta nye linjer slik at det blir attraktivt å søkja seg til Kvam. Dette bør heradet særleg tenka på i prosessen med bygging av ny skule.
- Variasjon i lærlingplassar er viktig, Kvam ungdomsråd ber difor også i år om at Kvam herad satsar på lærlingplassar innanfor fleire fagområde (TIP- elektro, mekaniske yrke, bygg og forskalingsfag) og at Kvam herad prioriterer "lærebedrifter" i Kvam herad sine anbudsprosessar.

Kommunehelse

Helsestasjon for ungdom

Ungdomsrådet stiller seg framleis positive til at Helsestasjon for ungdom blir flytta inn i eige bygg.

Trivsel og haldningar

- Kvam ungdomsråd er positive til at det vert arbeidd aktivt på skulane med trivsel og haldningar.
- Kvam ungdomsråd er glade for at det er ein "nulltoleranse" i Kvam for mobbing på skulane. Ungdomsrådet er likevel uroa over at tilstandsrapporten frå skule viser at 12,8 % av elevane på 7. trinn seier at dei har opplevd mobbing. Gjennomsnittet på landsbasis på 7. trinn er 7 %.
- Kvam ungdomsråd er glade for at Kvam herad deltek i lokale-, regionale- og nasjonale prosjektgrupper for å betra mellom anna psykisk helsehjelp blant barn og unge. Kvam Ungdomsråd er så heldige at me har representantar sitjande i fleire av desse gruppene.
- Kvam ungdomsråd deltok i 2020 i prosjektet «Korleis vil me leva saman» som handla om møteplassar for ungdom i Kvam. Kvam ungdomsråd håpar at dette er noko som Kvam herad vil arbeida vidare med i 2021 fordi gode møtestadar er viktig for ungdom og deira trivsel. Trygge møtestadar genererer trivsel!

Utekontakten og helsesjukepleiartilbodet på skulane

- Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt at Kvam herad har ein så aktiv og synleg Utekontakt, som reiser rundt og besøker elevane på skulane. Utekontakten representerer ein ekstra tryggleik for ungdom som har det vanskeleg fordi det kan vera lettare å snakka med Utekontakten i staden for andre vaksne.
- Det er naudsynt at helsesjukepleiarane er ute på skulane og er positive til at denne tenesta ikkje vert redusert i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021, men påpeikar at helsesjukepleiarane må bli endå meir synlege på skulane slik at elevane kan ta kontakt. Det er viktig at helsesjukepleiarane presenterer seg i klassane, spesielt på 8.- klassetrinnet.

Kultur

Kultur og idrett

Kvam ungdomsråd meiner at kultur og idrett er viktig for barn og unge i Kvam og at det også må prioriterast i neste års budsjett, difor ønskjer ikkje Kvam ungdomsråd at det blir kutta i tilskot til lag og organisasjonar slik rådmannen føreslår i sitt framlegg. Frivillige lag og

organisasjonar genererer til stor verdiskaping og godt fellesskap i heile kommunen vår.

Kino

Kvam Ungdomsråd ynskjer at heradet skal sjå på endring av driftsmodellen på kinoen i Norheimsund. Kinoen er eit godt kulturtilbod for dei unge, men det er og mange framsyningar som er dårleg besøkte.

Organisasjon og politikk

Budsjett for Kvam ungdomsråd

- Kvam ungdomsråd har forståing for at budsjettet til Kvam ungdomsråd har blitt halvert til 150 000 kr. Ungdomsrådet vil påpeika at budsjettåret 2020 ikkje er representativt på grunn av koronasituasjonen. Fleire av utgiftspostane har vorte kraftig redusert og aktivitetsnivået for ungdomsrådet med unnatak av lokal møteverksemd har ikkje vore så stor som rådet rekna med.
- Kvam ungdomsråd meiner at utgiftene knytt til dei to politisk valde representantane frå heradsstyret ikkje skal belastast ungdomsrådet sitt budsjett. Dette ønskjer ungdomsrådet fordi det ikkje er ungdomsrådet sjølve som t.d. bestemmer deira godtgjersle. Den er fastsett i forskrifta Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad.
- Fjernmøter
Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad (heile organisasjonen både administrasjon og politisk) bør arrangera nett-møter (teams-møter) der dette er mogeleg. Erfaringane med nettmøter i løpet av 2020 viser at dette er ei god løysing samstundes som det er mindre ressurskrevjande.
- El-bil
Kvam ungdomsråd viser til dei store kostnadane knytt til køyregodtgjersle og oppmodar om at Kvam herad leaser ein eller fleire el- bilar som kan nyttast av tilsette og politikarar som skal på tenestereiser. Dette vil vera kostnadssparande og ei betre løysing for miljøet.
- Kvam MPB
Kvam Ungdomsråd ynskjer at ein vurderer ei avvikling av Kvam Miljø, plan, og byggutval. Me kan ikkje vera med på å saldera budsjettet med kutt i viktige tilbod for born og unge når me veit at heradet har eit politisk utval som ikkje er lovpålagt, har lite saker og kostar oss mykje.
- Tilskot til elektronisk utstyr
Kvam Ungdomsråd håpar ein kan sjå på å kutta i tilskot til elektronisk utstyr for politikarar som er folkevald i høgare instans, i fyrste rekke fylkesnivå, om desse mottar eit tilsvarande tilskot for det vervet.

Samferdsel

Kollektivtilbod

Kvam ungdomsråd er framleis ikkje nøgd med kollektivtilbodet i Kvam, særleg frå utkantane i Kvam til dei sentrumsnære områda. Ungdomsrådet ber difor om at kommunen prioriterer å

arbeida for å betra tilbodet (spesielt når det gjeld kveldar og helg).

Grunngjeving: Ungdomsrådet viser til at Ungdomsbasen i Norheimsund, er eit tilbod for alle ungdomane i Kvam. Det bør difor også vera eit skystilbod til/ frå for ungdom som bur i utkanten av kommunen slik at dei ikkje er avhengig av privat transport.

Trygge kommunale vegar

Kvam ungdomsråd ønskjer at Kvam herad prioriterer trygge kommunale vegar. Spesielt rassikring. Kvam ungdomsråd meiner vidare at Kvam herad må prioritera gang- og sykkelvegar der elevane ikkje har rett på skuleskyss.

Privatisering av kommunale vegar

Kvam Ungdomsråd ynskjer å sjå på mogelegheita til å privatisera kommunale vegar til friluft- og rekreasjonsområde. Vegar til slike stader har i dei fleste tilfelle eit veglag som krev vegavgift. Kvam Ungdomsråd håpar heradet kan finna ut om ei slik løysing på til dømes Fitjadalsvegen vil vera rekningssvarande.

Reiseliv

- Kvam Ungdomsråd meiner at heradet må leggja til rette for at Kvam skal ha ein aktiv reiselivssektor. Dette gjennom å hjelpa i oppstarten av nye, lovande verksemder, samt å hjelpa dei etablerte verksemdene som ynskjer å ekspandera.
- Kvam Herad må leggja til rette for reiselivsverksemder som har fokus på aktivitetar for born og unge. Dette tilbodet er det alt for lite av i Kvam den dag i dag.

Sluttord

Det er ikkje tvil om at det er eit krevjande arbeid å lappa saman ein kommunebudsjett. Det er mange som skal takast hensyn til og på slutten av dagen vil ein gjerne ha att pengar til å utføra ikkje lovpålagde oppgåver. Mange av dei oppgåvene kan i enkelte tilfelle spara kommunen for pengar. Difor er det viktig at kutta i budsjett ikkje går utover dei tiltaka som kommunen har for å unngå å bruka unødvendige midlar. Hugs og dei to viktigaste tinga ein må ha i hovudet når ein jobbar med budsjett, nemleg distrikta og ungdomen.

Røysting: Fellesframlegget vart samrøystes vedteke med 8 røyster

URÅD- 050/20 Vedtak:

Kjære heradsstyre

Det er tronge tider økonomisk og det heng ei mørk sky over oss den komande budsjettperioden. Det er føreslått mange kutt for å få kommuneøkonomien til å gå rundt. Vanlegvis kjem me i ungdomsrådet med ei liste der me kjem med ynskjer til kva som skal vera med i budsjettet. I år føler me at me i tillegg vil komma med to sentrale punkt som de bør ha ekstra fokus på når de skal utforma dette budsjettet.

Distrikta

Distrikta i kommunen er viktig, det er i bygdene kring Norheimsund/Øystese ein i framtida vil kunne finna tomter og nye bustader. Det er i distrikta våre me kan driva store verksemder innan industri, akvakultur og landbruk. Dette er verksemder med store ringverknadar i heile kommunen. Om me no kuttar i distrikta vil dei verta mindre attraktive for ungdom/unge vaksne. Då vil me ha ein sterkt sentralisert kommune utan levande grender. Me ser kor mykje positivt som vert skapt i heile Kvam, dette kan me ikkje gje slepp på.

Ungdommen er framtida

Det aller viktigaste når ein vedtar budsjett er at dei unge er ivaretekne. Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam er ein attraktiv kommune dei kan busetja seg i. Me treng difor gode fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar. Det er og viktig at Kvam Herad legg til rette for at lokale vidaregåande skular kan ha relevante linjer slik at dei unge vert attraktive i tilsetjingsprosessane til lokale bedrifter.

- Kvam Ungdomsråd

Grunnskule

Ikkje endring av skulestruktur i Kvam

- Kvam ungdomsråd ønskjer heller ikkje i denne budsjettperioden at det vert gjort endringar i skulestrukturen. Dette gjeld alle dei kommunale skulane.
- Kvam ungdomsråd ber om at det vert sett på moglegheitene for om Tørvikbygd skule og Strandebarm skule kan ha den same rektoren. Dette for å sjå om denne ordninga kan ha ein økonomisk vinst og om det er forsvarleg både for elevevar og tilsette ved skulane.

Viktig med tilgang på PC og nettbrett til alle elevane

Kvam ungdomsråd vil påpeika også i år at det er viktig at alle elevar i 1-10. klassetrinn har tilgang til PC/nettbrett fordi dette vil kunna viska ut dei økonomiske skilnadane mellom elevane. PC/nettbrett er eit naudsynt arbeidsverktøy for elevane og er avgjerande for utviklinga av den digitale kompetansen deira.

Kompetanse hos lærarar

Ungdomsrådet har merka seg at kompetansen blant lærarane når det gjeld bruk av digitale verktøy har betra seg og er takksame for dette. Det er viktig at elevane ikkje opplever tap av tid til undervisning på grunn av manglande kompetanse hos lærarane.

Kantine på skulane

Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad skal overta kantinedrifta på Kvam ungdomsskule og Strandebarm skule slik at tilbodet blir likt på skulane. Kvam ungdomsråd meiner at overskotet frå inntektene på kantinedrifta på skulane (Kvam ungdomsskule og Strandebarm skule) skal gå til Kvam herad i staden for elevråda. Dette for å få større grad av inntening.

Medlemskap i Elevorganisasjonen

Kvam ungdomsråd oppmodar om at alle skulane i Kvam blir medlem i Elevorganisasjonen fordi her har skulane høve til å søkje organisasjonen om midlar på inntil 40 000 kr til elevrådsarbeid per skule. Desse midlane kan til dømes brukast til felles arrangement for elevane på skulen (t.d. gratis skulemåltid/ aktivitetsdag/ turdag).

Sosialfagleg kompetanse i skulen

Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt med sosialfagleg kompetanse i skulen, fordi dette tilfører ein breiare og betre kunnskap til å kunna ivareta barn og unge i skulekvardagen deira.

Vidaregåande opplæring

Læretilbod/ lærlingtilbod i Kvam

- Kvam ungdomsråd meiner at det er viktig at Kvam herad held fram med å arbeida aktivt for å oppretthalda eksisterande linjer på Kvam vidaregåande skule og oppmodar fylkeskommunen om å tenkja på å oppretta nye linjer slik at det blir attraktivt å søkja seg til Kvam. Dette bør heradet særleg tenka på i prosessen med bygging av ny skule.
- Variasjon i lærlingplassar er viktig, Kvam ungdomsråd ber difor også i år om at Kvam herad satsar på lærlingplassar innanfor fleire fagområde (TIP- elektro, mekaniske yrke, bygg og forskalingsfag) og at Kvam herad prioriterer "lærebedrifter" i Kvam herad sine anbudsprosessar.

Kommunehelse

Helsestasjon for ungdom

Ungdomsrådet stiller seg framleis positive til at Helsestasjon for ungdom blir flytta inn i eige bygg.

Trivsel og haldningar

- Kvam ungdomsråd er positive til at det vert arbeidd aktivt på skulane med trivsel og haldningar.
- Kvam ungdomsråd er glade for at det er ein "nulltoleranse" i Kvam for mobbing på skulane. Ungdomsrådet er likevel uroa over at tilstandsrapporten frå skule viser at 12,8 % av elevane på 7. trinn seier at dei har opplevd mobbing. Gjennomsnittet på landsbasis på 7. trinn er 7 %.
- Kvam ungdomsråd er glade for at Kvam herad deltek i lokale-, regionale- og nasjonale prosjektgrupper for å betra mellom anna psykisk helsehjelp blant barn og unge. Kvam Ungdomsråd er så heldige at me har representantar sitjande i fleire av desse gruppene.
- Kvam ungdomsråd deltok i 2020 i prosjektet «Korleis vil me leva saman» som handla om møteplassar for ungdom i Kvam. Kvam ungdomsråd håpar at dette er noko som Kvam herad vil arbeida vidare med i 2021 fordi gode møtestadar er viktig for ungdom og deira trivsel. Trygge møtestadar genererer trivsel!

Utekontakten og helsesjukepleiartilbodet på skulane

- Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt at Kvam herad har ein så aktiv og synleg Utekontakt, som reiser rundt og besøker elevane på skulane. Utekontakten representerer ein ekstra tryggleik for ungdom som har det vanskeleg fordi det kan vera lettare å snakka med Utekontakten i staden for andre vaksne.
- Det er naudsynt at helsesjukepleiarane er ute på skulane og er positive til at denne tenesta ikkje vert redusert i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021, men påpeikar at helsesjukepleiarane må bli endå meir synlege på skulane slik at elevane kan ta kontakt. Det er viktig at helsesjukepleiarane presenterer seg i klassane, spesielt på 8.- klassetrinnet.

Kultur

Kultur og idrett

Kvam ungdomsråd meiner at kultur og idrett er viktig for barn og unge i Kvam og at det også må prioriterast i neste års budsjett, difor ønskjer ikkje Kvam ungdomsråd at det blir kutta i tilskot til lag og organisasjonar slik rådmannen føreslår i sitt framlegg. Frivillige lag og organisasjonar genererer til stor verdiskaping og godt fellesskap i heile kommunen vår.

Kino

Kvam Ungdomsråd ynskjer at heradet skal sjå på endring av driftsmodellen på kinoen i Norheimsund. Kinoen er eit godt kulturtilbod for dei unge, men det er og mange framsyningar som er dårleg besøkte.

Organisasjon og politikk

Budsjett for Kvam ungdomsråd

- Kvam ungdomsråd har forståing for at budsjettet til Kvam ungdomsråd har blitt halvvert til 150 000 kr. Ungdomsrådet vil påpeika at budsjettåret 2020 ikkje er representativt på grunn av koronasituasjonen. Fleire av utgiftspostane har vorte kraftig redusert og aktivitetsnivået for ungdomsrådet med unnatak av lokal møteverksemd har ikkje vore så stor som rådet rekna med.
- Kvam ungdomsråd meiner at utgiftene knytt til dei to politisk valde representantane frå heradsstyret ikkje skal belastast ungdomsrådet sitt budsjett. Dette ønskjer ungdomsrådet fordi det ikkje er ungdomsrådet sjølve som t.d. bestemmer deira godtgjersle. Den er fastsett i forskrifta Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad.
- Fjernmøter
Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad (heile organisasjonen både administrasjon og politisk) bør arrangera nett-møter (teams-møter) der dette er mogeleg. Erfaringane med nettmøter i løpet av 2020 viser at dette er ei god løysing samstundes som det er mindre ressurskrevjande.
- El-bil
Kvam ungdomsråd viser til dei store kostnadane knytt til køyregodtgjersle og oppmodar om at Kvam herad leaser ein eller fleire el- bilar som kan nyttast av tilsette og politikarar som skal på tenestereiser. Dette vil vera kostnadssparande og ei betre løysing for miljøet.
- Kvam MPB
Kvam Ungdomsråd ynskjer at ein vurderer ei avvikling av Kvam Miljø, plan, og byggutval. Me kan ikkje vera med på å saldera budsjettet med kutt i viktige tilbod for born og unge når me veit at heradet har eit politisk utval som ikkje er lovpålagt, har lite saker og kostar oss mykje.
- Tilskot til elektronisk utstyr
Kvam Ungdomsråd håpar ein kan sjå på å kutta i tilskot til elektronisk utstyr for politikarar som er folkevald i høgare instans, i fyrste rekke fylkesnivå, om desse mottar eit tilsvarande tilskot for det vervet.

Samferdsel

Kollektivtilbod

Kvam ungdomsråd er framleis ikkje nøgd med kollektivtilbodet i Kvam, særleg frå utkantane i Kvam til dei sentrumsnære områda. Ungdomsrådet ber difor om at kommunen prioriterer å arbeida for å betra tilbodet (spesielt når det gjeld kveldar og helg).

Grunngjeving: Ungdomsrådet viser til at Ungdomsbasen i Norheimsund, er eit tilbod for alle ungdomane i Kvam. Det bør difor også vera eit skystilbod til/ frå for ungdom som bur i

utkanten av kommunen slik at dei ikkje er avhengig av privat transport.

Trygge kommunale vegar

Kvam ungdomsråd ønskjer at Kvam herad prioriterer trygge kommunale vegar. Spesielt rassikring. Kvam ungdomsråd meiner vidare at Kvam herad må prioritera gang- og sykkelvegar der elevane ikkje har rett på skuleskys.

Privatisering av kommunale vegar

Kvam Ungdomsråd ynskjer å sjå på moglegheita til å privatisera kommunale vegar til friluft- og rekreasjonsområde. Vegar til slike stader har i dei fleste tilfelle eit veglag som krev vegavgift. Kvam Ungdomsråd håpar heradet kan finna ut om ei slik løysing på til dømes Fitjadalsvegen vil vera rekningsvarande.

Reiseliv

- Kvam Ungdomsråd meiner at heradet må leggja til rette for at Kvam skal ha ein aktiv reiselivssektor. Dette gjennom å hjelpa i oppstarten av nye, lovande verksemder, samt å hjelpa dei etablerte verksemdene som ynskjer å ekspandera.
- Kvam Herad må leggja til rette for reiselivsverksemder som har fokus på aktivitetar for born og unge. Dette tilbodet er det alt for lite av i Kvam den dag i dag.

Sluttord

Det er ikkje tvil om at det er eit krevjande arbeid å lappa saman ein kommunebudsjett. Det er mange som skal takast hensyn til og på slutten av dagen vil ein gjerne ha att pengar til å utføra ikkje lovpålagde oppgåver. Mange av dei oppgåvene kan i enkelte tilfelle spara kommunen for pengar. Difor er det viktig at kutta i budsjett ikkje går utover dei tiltaka som kommunen har for å unngå å bruka unødvendige midlar. Hugs og dei to viktigaste tinga ein må ha i hovudet når ein jobbar med budsjett, nemleg distrikta og ungdomen.

Saksordførarar: Sander Eide Aase og Eusebiu Amanalachioai

25.11.2020 Kvam formannskap

Framlegg frå FrP, AP, KrF og H sett fram av Hans Arne Børsheim, KrF: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg og endringar:

Framlegget har følgjande endringar:

Post 1. Auken i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbyte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemsskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 100.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgave å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulen vert oppretthalden.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 500.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.**Sommaropen barnehage.**

Rådmannen får i oppgave å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

Post 25. Spesialundervisning skule/barnehage

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tilpassa opplæring i heradet. Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplasser på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å opprettholde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgave å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å oppretthalde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Gebyret for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjenforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:**Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)**

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.
 2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetjing, stillingsbank, seniortiltak m.m.
 3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggest fram for heradstyret for handsaming.
 4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan
- Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsvurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	-3 700 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvalting/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusere heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022			-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til egne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingar/stillingsstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarm Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontortjeneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar tidlegare år	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Reduser tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarm bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusere stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-500 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Framlegg frå SP sett fram av Jostein Ljones, Sp: Som Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg

HR

-Rådmannen får i oppdrag å starta eit Prosjekt for auka tilstedeværelse/ mindre sjukefravær. mål om reduksjon i sjukefraværet med minimum 1%.

Skule og Barnehage

-- Auka grunnresurs i skule for å minka bruken av vikarar

- Kutta sommer tilbodet i kommunale barnehagar sidan tilbodet har vore lite nytta og krev store resursar, Rådmannen får i oppdrag å samarbeida med Sandven FUS om tilbod for born i kommunal barnehage som har behov for tilbod om sommaren.

Kvam Ungdomsråd

- UR sit budsjett vert redusert frå kr 300,000 til 150 000. Kostnaden med politisk representasjon i UR vert overført frå budsjettet til UR. til ord. Politisk verksemd. Politisk representasjon vert redusert til ein representant etter vedtak om taletid i FSK og HST.
o Berekna redusert kostnad KR 40,000

RMNFE

- Redusert politisk representasjon til ein representant etter vedtak om taletid i FSK og HST
o Berekna innsparing kr 40,000

Spesialpedagogikk

- Auka satsing på støtteteam/ tideginnsats for å redusera behovet for enkeltvedtak om spes.ped.
o Tilegg 500 000 kr/ årlegkostnad
- Redusert kostnad spesped.
o Kr 1000,000 reduksjon.
(Etter prøveprosjektet med støtteteam såg me reduksjon i vedtak om spesped. Frå 16 til 7%)

Turnusleg/LIS 1

- Kvam har innan kort tid behov for å rekruttera legar, då fleire av dagens legar innan få år går av med pensjon. Kvam herad har difor ansvar for å bidra til utdanning av nye legar.
o Kostnad 800.000

Administrasjon

Stillingsvurdering

- Før utlysing skal:
o Behovet for rekrutering til stillingen vurderast
o Vurderast for intern utlysing/ omorganisering
o Vurdera behov for kva kompetanse administrasjonen totalt sett har behov for å rekruttera.
o Vurdera bruk av sluttpakkar for å ta ned overtallighet i administrative stillingar.

o Redusert kostnad 500,000 for 20121 halv stilling i øk.planperioden 8 mill. tilsvarar reduksjon ein stilling/ år i økonomiplanperioden.

1	Tiltak	2021	2022	2023	2024
2	Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
3	Auka utbytte frå Kvam Energi AS	-1 700 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
4	Kvam Senterparti auka utbytte Kvam Energi	-300 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
5	Avslutte kjøp av andre kommunar på viltforvaltning/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
6	Avslutte medlemskap i Norsk Bane	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
7	Digitalisering og velferdsteknologi for å redusere heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
8	Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
9	Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
10	Kvam Senterparti generell innsparing R, pol, øk		-100 000	-200 000	-300 000
11	Kvam Senterparti, administrative stillingar	-500 000	-1 000 000	-3 000 000	-4 000 000
12	Kvam Senterparti redusert pol repr UR RMNFE		-80 000	-80 000	-80 000
13	Kvam Senterparti, legg ned MPLB		-400 000	-400 000	-400 000
14	Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
15	Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
16	Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
17	Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
18	Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
19	Hardanqerrådet - reduksjon fom 2022	0	-300 000	-300 000	-300 000
20	Kvam Senterparti Hardanqerrådet		300 000	300 000	300 000
21	Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
22	Husleige NAV - flytta til eigne bygg	0	0	-705 028	-705 028
23	Innsparing administrative stillingar	-400 000	-300 000	-1 300 000	-1 300 000
24	Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
25	Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
26	Kvam Senterparti kurspott	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
27	Innsparing tilsynsleie nye Strandebar Omzorg	0	-30 000	-185 000	-185 000
28	Innsparingskrav sosialkontorteneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
29	Reduksjon i stillingar, plan og byggesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
30	Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
31	Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
32	Kvam Senterparti	200 000	200 000	200 000	200 000
33	Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar tidlegare år	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
34	Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	0	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
35	Kvam Senterparti Støtteteam	250 000	1 500 000	2 500 000	3 500 000
36	Reduser tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
37	Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
38	Struktur - Bibliotek Ålvik	-150 000	-300 000	-300 000	-300 000
39	Kvam Senterparti bibliotek Ålvik	150 000	300 000	300 000	300 000
40	Struktur - Strandebar bibliotek	-38 000	-136 000	-136 000	-136 000
41	Kvam Senterparti Strandebar bibliotek	38 000	136 000	136 000	136 000
42	Struktur - Tørvikbygd skule	0	-1 500 000	-3 200 000	-3 200 000
43	Kvam Senterparti Tørvikbygd skule		1 500 000	3 200 000	3 200 000
44	Turnusleie	0	-800 000	-800 000	-800 000
45	Kvam Senterparti turnusleie		800 000	800 000	800 000
46	Vaksenopplæringa - redusera stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
47	Redusert utbetaling kraftfond til 3 mill	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
48	Havbruksfond budsjettet til drift				
49	Innsparing redusert sjukefråvar	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-2 000 000
50	Innsparingsforslag totalt	-11 441 000	-16 645 000	-22 045 028	-24 645 028
51	Opphavelag mål frå rådmann	-9689000	-16 711 000	-22 211 028	-24 211 028
52		1752 000	-66 000	-166 000	434 000
53					1 954 000

Røysting:

Framlegget frå FrP, AP, KrF og H sett fram av Hans Arne Børsheim, KrF vart sett opp mot framlegget til SP sett fram av Jostein Ljones.

Framlegget frå FrP, AP, KrF og H sett fram av Hans Arne Børsheim, KrF fekk 6 røyster og vart vedteke. Framlegget frå SP sett fram av Jostein Ljones, SP fekk 3 røyster og fall.

Følgjande røysta for framlegget til senterpartiet:

- Jostein Ljones, Sp
- Svein Stuve, Sp
- Siv Håbrekke, Sp

FSK- 116/20 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg og endringar:

Framlegget har følgjande endringar:

Post 1. Auke i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbyte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemsskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 100.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulen vert oppretthalden.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 500.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.

Sommaropen barnehage.

Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

Post 25. Spesialundervisning skule/barnehage

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tilpassa opplæring i heradet. Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplasser på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen

rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å opprettholde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgave å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å oppretthalde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Gebyret for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjenforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:

Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.
 2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetjing, stillingsbank, seniortiltak m.m.
 3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggest fram for heradstyret for handsaming.
 4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan
- Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsvurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå hegere grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	-3 700 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvaltninglandbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022	-		-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til egne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingarstillingstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarm Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontortjeneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar tidlegare år	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Redusera tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarm bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusera stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-500 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Saksordførar: Hans Arne Børsheim, KrF

10.12.2020 Kvam heradsstyre

Tilråding frå formannskapet:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg og endringar:

Framlegget har fylgjande endringar:

Post 1. Auka i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbytte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 100.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på

plass. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulen vert oppretthalden.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 500.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.

Sommaropen barnehage.

Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

Post 25. Spesialundervisning skule/barnehage

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tilpassa opplæring i heradet. Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplasser på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å opprettholde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgåve å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å oppretthalde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Gebyret for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjenforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:

Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.

2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetjing, stillingsbank,

seniortiltak m.m.

3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggest fram for heradstyret for handsaming.

4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan

Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsvurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	-3 700 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvaltning/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i drift på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022	-		-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til egne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingar/stillingsstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarn Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontorteneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utferte strukturendringar tidlegare år	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Redusere tal på sengeplasser i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarn bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusera stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-500 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Saksordførar: Hans Arne Børsheim, KrF

Tillegg til innstilling frå formannskapet:

Alle summer er endringar i høve formannskapet si innstilling

- Post 7. Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT
10 % reduksjon møtegodtgjersle og fleire kveldsmøte, innsparing frå 2021 kr 100 000

- Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og avtale reforhandla / vurdert for 2022, innsparing frå 2022 kr 300 000.

- Post 16 Innsparingar administrativ stillingar/stillingsstopp

Auka reduksjon i 2021 med kr 200 000, 2022 med kr 300 000, 2023 og 2024 kr 500 000. Reduksjon gjeld også mindre bruk av innleigde konsulentar

- Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Reduksjonen vert auka med kr 300 000 i 2021 og vidareførast i heile økonomiplanperioden.

- Post 20 Innsparingskrav sosialkontortjeneste

Barnetrygda skal ikkje reknast som inntekt ved berekning av sosialstønad, årleg budsjettauke kr 750 000

- Post 25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage.

Auke til støtteteam kr 200 000 i 2021 og kr 500 000 årleg resten av perioden

- Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort og kva dette vil kosta å få på plass. Frist 1. tertial. Event. redusert driftskostnad blir lagt fram i budsjett 2022. Nullar ut reduksjon for 2021 som utgjer kr 100 000. Estimert årleg utgift resten av perioden kr 100 000

- Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Ordninga blir vidareført som i dag. Nullar ut reduksjon for heile perioden, som inneber ei auke på kr 48 000 i 2021 og kr 166 000 årleg for resten av perioden.

- Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

Auka reduksjon f.o.m. 2021 kr 500.000 pr år. Justering av retningslinjer som prioriterer berekraft og arbeidsplassar

Forslaget inneber auke innsparing 2021 med kr 2 000 og for 2022 med kr 14 000.

For 2023 og 2024 redusert innsparing på kr 86 000.

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-24

Kvam Senterparti ynskjer at heradet skal levera gode tenester nær folk, og me vil leggja til rette for vekst i heile Kvam. Kvam herad er veldrive, og leverer gode tenester på alle områder. Det har i mange år vore investert i ny bygningsmasse, slik at me no har ei høg gjeld. Dette meiner Kvam Senterparti at me kan leva med, men det er krevjande no på grunn av pandemi, låge kraftprisar og reduserte skatteinntekter. Dette vonar me vil endra seg, og me ynskjer ikkje å redusera tilbod i utkantane for å saldera budsjettet. Det som er lagt ned, vil ikkje koma att, så me vil stramma inn på andre felt i ein periode no, og har ei von om vaksinar, høgare kraftprisar, auka skatteinngang og ny regjering.

Sparetiltak i økonomiplanperioden 2021-2024

Rådmannen har lagt fram ei lang rekkje med sparetiltak i framlegg til budsjett. Kvam Senterparti ynskjer ikkje å spara på tenester, og særleg ikkje i utkantane der dette er avgjerande for at desse bygdene er attraktive å busetja seg i. Sjølv om heradet sparar, påfører me ofte innbyggjarane her ein kostnad. Senterpartiet har teke vekk ein del tiltak på sparelista, men har eit framlegg til finansiering, slik at det i vårt framlegg vert spara om lag 2 mill meir i økonomiplanperioden.

Følgjande tiltak ynskjer Kvam Senterparti å ta ut av lista:

- Hardangerrådet, framlegg frå rådmannen å redusera med 300000,- kvart år frå 2022. Senterpartiet ser på regionrådet som eit viktig fora for samhandling i Hardangerregionen, og me ynskjer å halda fram på same nivå. Dersom me vel å redusera dette, vil det vera det same som å leggja ned Hardangerrådet.
- Tilskot til lag og organisasjonar, framlegg frå rådmannen å redusera tilskot med 200000,- Senterpartiet ser på det arbeidet som vet gjort i lag og organisasjonar som så viktig for Kvam, at me ynskjer å halda fram med tilskot på same nivå. Det mangfaldet av organisasjonar me har i Kvam er med på å gjera Kvam til ein attraktiv stad å busetja seg. Ungdomen som veks opp i Kvam kjem att dersom det er arbeidsplassar, men organisasjonsliv og fritidsaktivitetar for både vaksne og born er og viktig.
- Spesialpedagogikk. Kvam Senterparti ynskjer å fylgja rådmannen sitt framlegg om kutt i spesialundervisninga, men me ynskjer ikkje å redusera ramma til skule. Kvam låg tidlegare høgt i tal elevar med spesialundervisning. Då gjorde ein tiltak i skulen for å redusera dette. Det vart sett i gang støttesystem der elevane skulle få hjelp i klasseromma, grupper eller to-lærer system. Skulen fekk behalda ramma i to år for å få på plass støttesystemet. Etter to år måtte ein kutta også i skulane og spesialundervisninga har stege jamnt og trutt etter dette. Kvam Senterparti ynskjer difor at ressursane skal bli i skulen og at skulane på nytt skal prøve å få ned spesialundervisninga.
- Bibliotek Ålvik. Framlegg frå rådmannen å leggja ned dette. Senterpartiet sitt framlegg er å ikkje leggja ned. Det er viktig å halda på tenester i alle bygder. Dette gjev grunnlag for levande bygdelag i heile heradet.
- Bibliotek Strandebarm. Framlegg frå rådmannen å leggja ned dette. Senterpartiet sitt framlegg er å ikkje leggja ned. Med same argumentasjon som i Ålvik
- Tørvikbygd skule. Rådmannen sitt framlegg er å leggja den ned frå 2022. Senterpartiet har programfesta å ikkje endra skulestruktur, og går inn for at Tørvikbygd skule ikkje vert lagt ned. Men me ser i tillegg eit flott engasjement i bygda, der det vert gjort grep for å styrka grunnlaget for skulen i framtida. Dette gjer og at me trygge på at det vert feil å leggja ned no.
- Turnuslege. Rådmannen får i oppgåve å komme tilbake med eige sak som avklarar mogelege måtar å behalda eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Kvam Senterparti sitt framlegg til finansiering av dei tiltaka me tek ut av sparelista:

- Auka utbytte frå Kvam Energi. Rådmannen sitt framlegg er å ta eit auka utbytte på 4,7 mill. Senterpartiet meiner at me i ein ekstraordinær situasjon kan forsvara å ta ut noko meir. Vårt framlegg er totalt 8 mill i økonomiplanperioden
- Auka innsparing drift Rådmann, politisk, økonomi og IT. Rådmannen sitt framlegg er spara 0,6 mill,- Senterpartiet sitt framlegg er å auka dette til totalt 1,2 mill i økonomiplanperioden.
- Innsparing administrative stillingar. Bruk av sluttpakker bør vurderast. Kvam Senterparti meiner at me må snu alle steinar før me kuttar i tenestetilbodet. Då ynskjer me å leggja opp til ein reduksjon i administrative stillingar. Dersom me i snitt reduserer med ein stilling i året gjennom økonomiplanperioden, vil me totalt spara opp mot 8,5 mill
- Reduksjon i politisk representasjon i UR og RMNF
- Leggja ned utval Miljø, plan og bygg. I interpellasjon i heradsstyre 29.09.20 bad Kvam Senterparti rådmannen om ei sak som synleggjorde dei faktiske kostnadane, samt det reelle behovet for utvalet. Bakgrunnen for dette er mellom anna at kommunen har heilt ny arealdel til kommune-planen, noko som då skal generera mindre dispensasjons-søknader til utvalet. I svaret på interpellasjonen fekk me svar på dei opplysningane me etterlyste. Dette viste ein kostnad på omlag 0,4 mill. Dette meiner me i Kvam Sp er for høgt.

- Auka innsparing på generell kurspott og reiseaktivitet. I vanskelege tider kan det vera nødvendig med eit kvileskjer. Senterpartiet sitt framlegg er å auka innsparinga på generell kurspott og reiseaktivitet med 0,6 mill i økonomiplanperioden.
- Redusert utbetaling kraftfond. Sidan Kvam Senterparti tenkjer at me er nede i ein bylgjedal me skal opp av, tenkjer me at me kan utsetja utbetaling frå kraftfondet med 1 mill i året, totalt 4 mill i økonomiplanperioden
- Prosjekt redusert sjukefråvær. Sjukefråværet i Kvam Herad ligg høgare en landsgjennomsnittet. Nyare forskning viser at nokon av dei hyppigaste årsakene til fråvær kan vera i element som; låg grad av sosial støtte og leiarstøtte, motstridande krav i arbeidet, høge emosjonelle krav, oppleving av stress og liten innflytelse og kontroll i arbeidet. Med eit fråvær i Kvam Herad på 7-9 %, meiner Senterpartiet at det må setjast inn tiltak som reduserer dette ned mot det som er landsgjennomsnittet. Senterpartiet ynskjer det vert gjort tiltak for å skapa tydelege leiarar, og at det vert sett fokus på eit godt arbeidsmiljø ute på arbeidsplassane med nulltoleranse for mobbing og trakassering.

Dette vil som vist i vår tabell nedst i dokumentet, gje ei auka innsparing i høve til rådmannen sitt framlegg på 0,85 mill i økonomiplanperioden

Framlegg frå Kvam Senterparti, endring sparetiltak				
Tiltak	2021	2022	2023	2024
Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
Auka utbytte frå Kvam Energi AS	-1 700 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Kvam Senterparti auka utbytte Kvam Energi	-300 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Avslutte kjøp av andre kommunar på viltforvaltning/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Avslutte medlemskap i Norsk Bane	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Kvam Senterparti auka generell innsparing i drift Rådmann, politisk, økonomi og IT		-100 000	-200 000	-300 000
Kvam Senterparti, administrative stillingar	-500 000	-1 000 000	-3 000 000	-4 000 000
Kvam Senterparti redusert politisk representasjon i Ungdomsråd og RMNFE		-80 000	-80 000	-80 000

Framlegg frå AP, FrP, H og KrF sett fram av Hans Arne Børsheim, KrF: Rådmannen sitt budsjettframlegg med tillegg, frå Ap , KrF , Høgre og FrP.

Framlegget har fylgjande endringar:

Post 1. Auken i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbytte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 00.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Heradsstyret ynskjer at boktilbodet skal stå ved lag i Ålvik. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. Heradsstyret føreset at dette skjer i samråd med representantar frå bygda/grendeutvalet. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. Heradsstyret ynskjer at boktilbodet skal stå ved lag i Strandebarm. Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på plass. Heradsstyret føreset at dette skjer i samråd med representantar frå bygda/grendeutvalet. Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulestrukturen vert uendra.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 475.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.**Sommaropen barnehage.**

Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

*** Post 25. Spesialundervisning/støttefunksjonar:**

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tilpassa opplæring i heradet. Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrar mange. Reduksjon føreset vridning frå eineundervisning til støttetiltak.

Ein ber om at rådmannen rapporterer løpande i tertialrapportane - spesielt på korleis støttefunksjonar vert nytta for å få dette til.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplasser på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å oppretthalde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgåve å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å oppretthalde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Geburet for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjenforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:

Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.
 2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetjing, stillingsbank, seniortiltak, **sluttpakkar** m.m.
 3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggjast fram for heradstyret for handsaming.
 4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan
- Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsvurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

* Heradsstyret ser Hardangerrådet si verksemd som vesentleg for å ivareta regionen sine interesser overfor fylke og stat, og føreset eit aktivt samarbeid med Hardangerrådet for å vareta dette når løyvingane til rådet vert reduserte frå 2023.

* Med bakgrunn i utfordringar knytt til klima og miljø-utfordringane vi står i, og regjeringa si målsetnad om å redusere klimautslipp med 50% til 2030, ynskjer Kvam herad å gjere tiltak for smart bruk av energi i kommunal verksemd. Jf rådmannen kan reduksjon av innetemperatur med 1 grad kunne gje reduserte utgifter til drift storleik kr 60 000 Rådmannen får i oppgåve å engasjere skuler og institusjonene til smart enegiforbruk.

* Kvam herad skal nytte sin makt ved innkjøp og alltid vurdere grønne vilkår ved innkjøp. Dvs legge inn vurderingar av omsyn til: klima, naturmangfald og sirkulærøkonomi , der det er aktuelt ,når ein skal velge leverandør.

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	#####	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvaltning/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022	-		-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til eigne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingar/stillingsstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarm Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontorteneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggjesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-	-	-	-
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Redusere tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarm bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusera stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-475 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Innsparing politisk representasjon RMNFE og Ungd.råd	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Innsparing MPB	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000

Røysting:

1. Framlegget frå R og SV sett fram av Geir Madsen, SV vart sett opp mot Fellesframlegget til AP, FrP, H og KrF sett fram av Hans Arne Børsheim, KrF. Framlegget frå R og SV fekk 2 røyster og fall mot 25 røyster.

Følgjande røysta for framlegget til R og SV:

- Håvard Gjerde, R
- Geir Madsen, SV

2. Fellesframlegget frå AP, FrP, H og KrF vart sett opp mot SP sitt framlegg sett fram av Jostein Ljones, SP. Framlegget frå SP sett fram av Jostein Ljones, SP fekk 8 røyster (Senterpartiet sine 8 representantar røysta for Sp sitt forslag) og fall mot 19 røyster. Fellesframlegget frå AP, FrP, H og KrF fekk 19 røyster og vart vedteke.

HST- 136/20 Vedtak:

Rådmannen sitt budsjettframlegg med tillegg, frå Ap , KrF , Høgre og FrP.

Framlegget har fylgjande endringar:

Post 1. Auken i gebyrinntekter vert redusert.

Auke i gebyr vert 370.000 kr. Gebyr for førehandskonferanse vert sett ned til 1000 kr.

Post 2. Auka utbyte frå Kvam Energi AS.

Summen vert auka frå 1.7 mill til 3,7 mill i 2021.

Post 4. Medlemsskap Norsk bane.

Dette vert vidareført i 2021.

Post 13. Hardangerrådet.

Løyvinga vert oppretthalden i 2021 og 2022.

Post 18. Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet.

Denne vert auka med 00.000 kr i 2021 og vidare i heile økonomiplanperioden.

Post 28. Struktur- bibliotek Ålvik.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. **Heradsstyret ynskjer at boktilbodet skal stå ved lag i Ålvik.** Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av adgangskort/bok i butikk og kva dette vil kosta å få på plass. **Heradsstyret føreset at dette skjer i samråd med representantar frå bygda/grendeutvalet.** Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endleg vedtak 1.tertial.

Post 29. Struktur-Strandebarm bibliotek.

Redusert innsparing med 50.000 kr i 2021. **Heradsstyret ynskjer at boktilbodet skal stå ved lag i Strandebarm.** Rådmannen får i oppgåve å vurdere automatisering av utlån ved hjelp av lånekort/bok i butikk og kva dette vil kosta og få på plass. **Heradsstyret føreset at dette skjer i samråd med representantar frå bygda/grendeutvalet** Frist 1. tertial. Økonomiplanen må justerast etter endeleg vedtak 1.tertial.

Post 30. Struktur Tørvikbygd skule.

Skulestrukturen vert uendra.

Post 33. Redusert bruk kraftfond 2021.

500.000 kr

Post 34. Tilbakeføring lån Hardanger AKS 2021.

+ 475.000 kr.

Post 35. Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering)

Innsparing:

0,5 mill i 2021,

auke med 1 mill i 2022 til 1,5 mill

og med 2 mill til 3,5 mill i 2023 og 2024

(innsparing 5,5 mill i økonomiplanperioden)

Verbalpunkt til budsjettet.

Sommaropen barnehage.

Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Sandven Fus barnehage for å sjå på moglegheiten for eit tilbod om sommaropen barnehage i lag med dei. Frist: 1. tertial

*** Post 25. Spesialundervisning/støttefunksjonar:**

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei god og tilpassa opplæring i heradet. Ein reduksjon i spesialundervisning bekymrar mange. Reduksjon føreset vridning frå eineundervisning til støttetiltak.

Ein ber om at rådmannen rapporterer løpande i tertialrapportane - spesielt på korleis støttefunksjonar vert nytta for å få dette til.

Post 26.

Partia er svært opptekne av at me fortsatt skal ha ei verdig og god eldreomsorg i heradet. Ein reduksjon i antall sengeplasser på institusjon bekymrer mange. Ein ber om at rådmannen rapporterer spesielt på dette området viss det viser seg å være behov for å opprettholde antall senger.

Post 31. Turnuslege.

Rådmannen får i oppgåve å komme tilbake med eige sak som belyser moglegheiter for å oppretthalde eit tilbod til turnuslegar i heradet. Frist 1.tertial.

Post 1. Gebyr .

Gebyret for førehandskonferanse vert redusert til 1000 kr. Dette er fyrste møtet med heradet og byggesakshandsamar. Terskelen for å få god veiledning og råd skal vera låg. Dette er svært viktig for ei god sakshandsaming vidare.

Avsnitt 7. Mottak flyktningar.

Kvam herad skal ta i mot 15 flyktningar inklusive familiegjenforening. Dette for å sikra god integrering av dei som kjem.

Post 35:

Lean program Kvam 21-24. (stillingsvurdering)

Kvam Heradstyre ber Rådmann sette i gang Kvam 21-24 eit prosjekt for å ta ned driftskostnader og auka inntekter og ta ut potensial i best mogeleg organisering og samhandling på tvers i organisasjonen. Kvam 21- 24 skal løysast og gjennomførast med bruk av interne krefter i organisasjonen.

1. Rådmann får fullmakt til å utrede og gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak, samt inntektsaukande tiltak dei komande fire åra (2021-2024) på minimum 5,5 millionar kroner. Arbeidet skal skje i tett dialog med organisasjonen, tillitsvalde og vernetenesta.
2. Heradstyret legg til grunn at ei nedbemanning kun skal realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurderer alle vakante stillingar før tilsetjing, stillingsbank, seniortiltak, **sluttpakkar** m.m.
3. Saker av strukturell og/eller prinsipiell karakter skal leggest fram for heradstyret for handsaming.
4. Når leanprogrammet er etablert skal det etablerast milepelsplanar med konkrete effektiviserings- og innsparingsmål for budsjettåra 2021, 2022, 2023 og 2024, jfr budsjett og økonomiplan

Rådmannen skal orientera skriftleg om Leanprogram, Kvam 21-24 (stillingsvurdering) i tertialrapportar, årsmelding og budsjettframlegg.

*Heradsstyret ser Hardangerrådet si verksemd som vesentleg for å ivareta regionen sine interesser overfor fylke og stat, og føreset eit aktivt samarbeid med Hardagerrådet for å vareta dette når løyvingane til rådet vert reduserte frå 2023.

* Med bakgrunn i utfordringar knytt til klima og miljø-utfordringane vi står i, og regjeringa si målsetnad om å redusere klimautslipp med 50% til 2030, ynskjer Kvam herad å gjere tiltak for smart bruk av energi i kommunal verksemd. Jf rådmannen kan reduksjon av innetemperatur med 1 grad kunne gje reduserte utgifter til drift storleik kr 60 000 Rådmannen får i oppgåve å engasjere skuler og institusjonene til smart enegiforbruk.

* Kvam herad skal nytte sin makt ved innkjøp og alltid vurdere grønne vilkår ved innkjøp. Dvs legge inn vurderingar av omsyn til: klima, naturmangfald og sirkulærøkonomi , der det er aktuelt ,når ein skal velge leverandør.

Tiltak	2021	2022	2023	2024
1 Auka gebyrinntekter for å oppnå høgare grad av sjølvkost	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
2 Auka utbytte frå Kvam Energi AS	#####	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
3 Avslutte kjøp av andre kommunar på villforvaltning/landbruk	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
4 Avslutte medlemskap i Norsk Bane		-25 000	-25 000	-25 000
5 Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000
6 Elektrisitet - reduksjon driftsbudsjett teknisk anlegg	-1 116 000	-500 000	-500 000	-500 000
7 Generell innsparing i drift på Rådmann, politisk, økonomi og IT	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
8 Generell innsparing i på Oppvekst	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
9 Generell innsparing i drift på Helse og omsorg	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
10 Generell innsparing i drift på Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
11 Generell innsparing i drift Samfunn, næring og kultur	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
12 Generell innsparing i drift Plan og byggesak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
13 Hardangerrådet - reduksjon fom 2022	-		-300 000	-300 000
14 Heiltidsprosjekt og årsturnus	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
15 Husleige NAV - flytta til eigne bygg	-	-	-705 028	-705 028
16 Innsparingar administrativ stillingar/stillingsstopp	-400 000	-900 000	-1 900 000	-1 900 000
17 Innsparing drift og vedlikehald av fast dekke og autovern	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
18 Innsparing generell kurspott og reiseaktivitet	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
19 Innsparing tilsynslege nye Strandebarm Omsorg	-	-90 000	-185 000	-185 000
20 Innsparingskrav sosialkontorteneste	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000
21 Reduksjon i stillingar, plan og byggjesak	-500 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
22 Reduksjon i driftsbudsjett til drift og vedlikehald teknisk	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
23 Reduksjon i tilskot til lag, organisasjonar og bedrifter	-	-	-	-
24 Reduser husleigebudsjett i samsvar med utførte strukturendringar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
25 Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000
26 Redusere tal på sengeplassar i institusjon	-500 000	-1 500 000	-2 000 000	-3 000 000
27 Sommaropen barnehage	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
28 Struktur - Bibliotek Ålvik	-100 000	-270 000	-270 000	-270 000
29 Struktur - Strandebarm bibliotek	-48 000	-166 000	-166 000	-166 000
30 Struktur - Tørvikbygd skule				
31 Turnuslege	-	-800 000	-800 000	-800 000
32 Vaksenopplæringa - redusera stillingar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
33 Redusert bruk Kraftfond	-500 000			
34 Tilbakeføring lån Hardanger AKS	-475 000			
35 Leanprogram Kvam 22-23-24(stillingsvurdering)	-500 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Innsparing politisk representasjon RMNFE og Ungd.råd	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Innsparing MPB	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000

Saksopplysningar:

x

Vurdering:

x

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre	10.12.2020	156/20

Avgjerd av:	Arkiv: N-136	Arkivsaknr
Saksh.: Hesthamar, Anita	Objekt:	16/449 - 13

Auke i egenkapital Hardanger AKS

Behandling i politiske utval:

10.12.2020, HST- 156/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre løyver inntil 3,4 mill.kr til egenkapitalinnskot i Hardanger AKS AS.

Summen vert finansiert av investeringsfond, konto 25300003.

Det er eit vilkår at Vestland fylkeskommune og Samnanger kommune deltek med egenkapitalinnskot i høve deira eigardel.

Før innbetaling av eigenkaptialtilskot, bør styret koma attende til eigarar/generalforsamling med ei sak om korleis Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemmede (NFPU) sin eigarandel kan varetakast , og alternativt forslag til korleis interessene til arbeidstakarar med VTA-plassar i Hardanger AKS, kan representerast i verksemda.

Ved innbetaling av nytt egenkapitalinnskot i Hardanger AKS AS, skal tidlegare tildelt lån på kr 475.000, innfriast og renter betalast, dersom dette ikkje alt er gjort. Lånesummen skal tilbakeførast til disposisjonsfond.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre løyver inntil 3,4 mill.kr til egenkapitalinnskot i Hardanger AKS AS.

Summen vert finansiert av investeringsfond, konto 25300003.

Det er eit vilkår at Vestland fylkeskommune og Samnanger kommune deltek med egenkapitalinnskot i høve deira eigardel.

Før innbetaling av eigenkaptialtilskot, bør styret koma attende til eigarar/generalforsamling med ei sak om nullstilling av Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemmede (NFPU) sin

eigarandel, og alternativt forslag til korleis interessene til arbeidstakarar med VTA-plassar i Hardanger AKS, kan representerast i verksemda.

Ved innbetaling av nytt eigenkapitalinnskott i Hardanger AKS AS, skal tidlegare tildelt lån på kr 475.000, innfriast og renter betalast, dersom dette ikkje alt er gjort. Lånesummen skal tilbakeførast til disposisjonsfond.

Samandrag:

Hardanger AKS as søker om 7 mill.kr i ny eigenkapital til å redusera kortsiktig og langsiktig gjeld, og framforhandla betre lånevilkår. Noverande aksjekapital er så å seia tapt, men Kvam herad er største eigar i dag, med 48,2 %. Vestland fylkeskommune har 38,8%, Samnanger kommune 9,6% og NFPU 3,4%. Fylkesrådmannen har innstilt på å innvilga 2,7 mill.kr, og rådmannen tilrår at Kvam herad løyver ein tilsvarande del på inntil 3,4 mill.kr. Samnanger kommune avventar sakshandsaminga, men vil i tilfelle få andel på om lag 0,7 mill.kr. Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemmede (NFPU) sin noverande andelsverdi er null, og organisasjonen går truleg ut som eigar. Totalt medfører det auke i eigenkapitalen på 6,8 mill.kr, som utgjer om lag halvparten av gjelda til verksemda. Betre finansiell situasjon vil gje verksemda nødvendig økonomisk handlerom. Målet er å kunne tilsetje 2-3 arbeidsleiarar, slik at verksemda kan oppfylle kravet om minimum ein arbeidsleiar per 5 varig tilrettelagt arbeidsplassar, og samstundes kunne vera i økonomisk balanse.

Kvam herad har tidlegare innvilga eit lån på kr 475.000, som skal innfriast ved innbetaling av ny eigenkapital.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
710388	HAKS_ førespurnad auka EK
710488	Habilitetsvurdering Hardanger AKS

Andre dokument i saka:

Søknad om lån
Søknad om lån - Hardanger AKS AS

10.12.2020 Kvam heradsstyre

Framlegg frå Jostein Ljones, SP: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring: Før innbetaling av eigenkaptialtilskott, bør styret koma attende til eigarar/generalforsamling med ei sak om korleis Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemmede (NFPU) sin eigarandel kan varetakast , og alternativt forslag til korleis interessene til arbeidstakarar med VTA-plassar i Hardanger AKS, kan representerast i verksemda.

Spørsmål om habilitet:

Dag Rune Mo, Ap stilte spørsmål ved sin habilitet. Viste til at han er vara til styret (repr. arbeidarane) og har ikkje vore med å handsama saka i styret.

Framlegg frå Torgeir Næss, AP: Dag Rune Mo, Ap er habil jf. fvl. § 6, 2. ledd.

Røysting over habilitet:

Framlegget frå Torgeir Næss, AP vart samrøystes vedteke med 26 røyster

Vedtak om habilitet:

Dag Rune Mo, Ap er habil jf. fvl. § 6, 2. ledd.

Røysting:

Jostein Ljones, Sp sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 27 røyster

HST- 156/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre løyver inntil 3,4 mill.kr til eigenkapitalinnskot i Hardanger AKS AS.

Summen vert finansiert av investeringsfond, konto 25300003.

Det er eit vilkår at Vestland fylkeskommune og Samnanger kommune deltek med eigenkapitalinnskot i høve deira eigardel.

Før innbetaling av eigenkaptialtilskot, bør styret koma attende til eigarar/generalforsamling med ei sak om korleis Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemmede (NFPU) sin eigarandel kan varetakast , og alternativt forslag til korleis interessene til arbeidstakarar med VTA-plassar i Hardanger AKS, kan representerast i verksemda.

Ved innbetaling av nytt eigenkapitalinnskot i Hardanger AKS AS, skal tidlegare tildelt lån på kr 475.000, innfriast og renter betalast, dersom dette ikkje alt er gjort. Lånesummen skal tilbakeførast til disposisjonsfond.

Saksopplysningar:

Kvam herad har motteke søknad frå Hardanger AKS om innskot av ny eigenkapital i selskapet, som ein av noverande eigarar (48,2%). Dei andre eigarane er Vestland fylkeskommune (38,8%), Samnanger kommune (9,6%) og NFPU (3,4%). Søknaden vart handsama i styret 22. juni 2020, datert 15. september, og overlevert ordførar 23. september.

Dei andre eigarane har ikkje handama saka endå. Status er som følgjer:

1. Vestland fylkeskommune publiserte saksframlegg 3.12. (sjå lenkje: <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=4136&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=310829>).

Fylkeskommunan skal handsama saka i fylkesutvalet 10.12. og fylkestinget 15.12.

Fylkesrådmannen si innstilling er som følgjer:

Fylkestinget løyver 2,7 mill. kr til eigenkapitalinnskot i Hardanger AKS as.

Summen vert finansiert ved bruk av investeringsfond.

Det er eit vilkår at dei andre eigarkommunane deltek med eigenkapitalinnskot i høve til deira eigardel.

2. Samnanger kommune har opplyst til ordførar at dei avventar handsaming til etter at Kvam herad har handsama saka ferdig.
3. NFPU er ikkje forventa å delta i auke i eigenkapitalinnskot. Signala så langt har heller vore at noverande aksjar vert nullstilt og at NFPU sitt eigarskap opphøyrer.

Totalt ynskjer Hardanger AKS å styrkja eigenkapitalen tilsvarande halvparten av totalgjelda til selskapet. Etter kraftig auke i lånegjeld i perioden 2007-2015, har selskapet hatt økonomiske utfordringar i lang tid. Totalgjeld var i midten av juni på 14 mill.kr., og verksemda ber om tilførsle av eigenkapital på 7 mill.kr. Innskota vil verksemda bruka til å løysa inn all kortsiktig gjeld og kassekreditt som utgjorde om lag 3,5 mill.kr. på søknadstidspunktet. Resterande 3,5 mill.kr vil dei nytta til å betala ned langsiktig lån, og i prosessen forhandla fram lån med

betre rente og lengre nedbetalingstid.

Dersom alle eigarane skulle delt på dette i høve andel, hadde fordelinga vorte som følgjer:

Eigar	Andel no	Auke EK- innskot
Kvam herad	48,2	3 374 000
Vestland fylkeskommune	38,8	2 716 000
Samnanger kommune	9,6	672 000
NFPU	3,4	238 000
Sum	100	7 000 000

NFPU må nok trekkjast ut av reknestykket, og fylkeskommunen har berre sett krav om innskot frå dei andre kommunane, tilsvarande høvevis andel. Det gjev følgjande minimumskrav til Kvam herad og Samnanger kommune:

Eigar	Andel no	Andel i høve VFK
Kvam herad	48,2	3 354 124
Vestland fylkeskommune	38,8	2 700 000
Samnanger kommune	9,6	668 041
NFPU	3,4	
Sum	100	6 722 165

Hardanger AKS AS har som føremål: *Attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, herunder å eiga andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonæranne økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.*

I Kvam herad sin eigarstrategi for 2020-2021, som vart vedteken 29.9.20, står følgjande grunngjeving for eigarskap:

1. Formål og overordna rammer

a. Kvam herad ynskjer å vera med å styra utviklinga i Hardanger AKS as (Hardanger AKS) fordi selskapet er ei viktig verksemd for heradet.

b. Verksemda skal gje innbyggjarar som treng tilpassa arbeidsplassar eit godt og meiningsfylt tilbod. Verksemda skal vera ei bru over til arbeidslivet slik at flest mogelege kan ha eit godt arbeid til glede og nytte for seg sjølv og samfunnet.

c. Hardanger AKS skal ha ei demokratisk forankring i eigarkommunane.

d. Hardanger AKS skal vera sikra nødvendige verkemiddel og legitimitet for å kunna utføra sitt oppdrag. Rammevilkår gitt av eigar skal vera trygge og langsiktige. Kvam herad ynskjer å vera ein stor aksjeeigar for å aktivt kunna påverka utvikling og aktivitet i selskapet.

Kvam herad forventar ikkje utbytte frå verksemda, men at utvikling av selskap og aktivitetar skal skje i langsiktig perspektiv med låg risiko, kvalitet på tiltaksplassar, tilbod av tiltaksplassar tilpassa etterspurnad og brukarane sine behov, godt omdøme, nøgde kundar,

drift i balanse, tilstrekkeleg likviditet og kapitalstruktur tilpassa verksemda sin situasjon.

I søknaden sin oppgjer Hardanger AKS følgjande rekneskapsresultat i perioden 2011-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Sum driftsinntekter	16 680 577	15 989 583	19 235 277	19 028 474	20 118 333	20 321 117	13 464 576	10 170 546	8 518 633
Driftsresultat	1 113 088	270 791	1 132 699	392 857	-598 624	1 199 055	695 645	-96 971	-631 180
Resultat før skatt	401 903	-435 931	389 209	-427 800	-1 499 834	405 558	-80 208	-911 851	-1 048 110
Aksjekapital	291 000	291 000	291 000	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000
Sum Egenkapital	283 846	-118 056	317 875	-976 334	-548 533	951 300	545 743	625 951	1 537 801
Sum Gjeld	14 329 243	14 761 146	15 465 525	17 622 765	18 307 194	16 555 765	16 331 570	15 752 005	10 512 351

Ut frå oversikten driv selskapet no med positivt resultat, men gjennomgang av tal på arbeidsleiarar i høve statlege og kommunale varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA-plassar) er ikkje oppfylt, og det må tilsetjast fleire. Hardanger AKS skisserer tilsetjing av 2-3 arbeidsleiarar. Verksemda manglar i dag i tillegg vernepleiar-kompetanse. Det skal vera 1 arbeidsleiar på 5 VTA-plassar. Totalt har Hardanger AKS 22 statlege VTA-plassar, der Kvam herad betalar for 20 av desse. I tillegg betalar Kvam herad meir (37 % medfinansiering) for 14,6 kommunale VTA-plassar for at desse skal ha styrka bemanning. Verksemda har i tillegg 9 personar på AFT-tiltak og 5 personar i språkprakis per 15.06.20. Talet på ordinært tilsette, inklusiv administrasjon, reinhald, sjåførar, avdelingsleiarar, arbeidsleiarar og instruktørar var 12.

Vurdering:

Kvam herad har ulike roller ovanfor Hardanger AKS som vertskommune, største eigar, kunde og avtalepart på 34,6 kommunale og statlege VTA-plassar. Til å følgja opp desse plassane skal det vera minst 7 arbeidsleiarar, medan talet i haust var på 5,5. Kvam herad betalar ca. 4,23 mill.kr. i tilskot for plassane. Hardanger AKS, representant frå regionkontoret til NAV Hardanger og Voss og Kvam herad har hatt eit eige prosjekt for å gå gjennom produksjonsevne og nivå på tilskot, og rydda mellom kven som er på statleg og kommunal plass. Arbeidet er ikkje heilt ferdigstilt, men så langt er det ikkje noko som tilseier at tilskotsnivået er feil. Årsaka til at bemanninga er låg, er at deler av tilskotsmidlane har måtte nyttast til å dekkja finansutgifter i staden. Rådmannen meiner difor at det er rolla kommunen har som eigar og aksjonær, som må løysa problemet med for låg bemanning. For å nå måla i eigarstrategien etter mange år med utfordrande økonomi og høg gjeld, så trengst det tilførsle av kapital for å kunne driva innanfor lovverk, og med positivt resultat.

Alternativet til tilføring av meir aksjekapital, er mest sannsynleg konkurs. Det er lite sannsynleg verksemda er attraktiv for oppkjøparar med den noverande gjeldssituasjonen. Dersom verksemda går konkurs, kan det vera mogleg å starta opp på nytt. Det er likevel nokre utfordringar med dette, som risiko for at ny verksemd ikkje får tilsvarende avtale om VTA-plassar med NAV Voss Hardanger, då slike avtalar er ein knapp ressurs. Kommunen har aktivitetskrav for brukarar som i dag er tildelt VTA-plass, og dersom verksemda fell vekk, er det krav til at kommunen finn alternative tilbod i andre verksemdar eller anna dagtilbod.

Spørsmålet er om verksemda likevel vil gå konkurs, sjølv med tilføring av ny kapital. Eit årsverk utgjer vanlegvis mellom 0,6-0,75 mill.kr inkl. sosiale utgifter. 2-3 årsverk vil såleis auka utgiftene med 1,2 mill.kr til 2,25 mill.kr. I søknaden er det ikkje spesifisert kva finansutgiftene utgjer. Under rekneskapsstala på 1881.no, utgjer rentekostnad 0,7 mill.kr. i

2019. I likviditetsbudsjettet er leasing oppført med kr 90.000. Å få fjerna leasingutgiftene, vil gje ei likviditetsbetring på 1,1 mill.kr, og tilsvarande betring i driftskostnader dersom dette ligg som leigeutgifter. Reduksjon av lånegjeld og betre lånevilkår, vil gje vesentleg reduksjon i betalinga/betra likviditeten som i dag utgjir kr 90.500 per måned, men det er uvisst kor mykje det vil utgjera då det avheng av forhandlingsresultat. Det tilseier at reduksjon i finansutgiftene ikkje er store nok til å dekkja inn alt, men det er sannsynleg at produksjon, og dermed inntekter kan aukast noko. Verksemda hadde i 2019 òg eit overskot å «tæra på». Samstundes vert det peika på eit vedlikehaldsetterslep av ukjent storleik. Det aukar risikoen for at kommunen kan tapa ny kapital, i tillegg til det som er tapt tidlegare. Rådmannen ser at det er gjort fleire grep for å betra økonomien og andre driftsforhold, men det er vanskeleg å seia om det er tilstrekkeleg og om verksemda får fortjeneste på andre avtalar og sal dei har, slik den økonomiske situasjonen har vore. Dersom det viser seg at desse er ugunstige, må dei i så fall korrigerast, og verksemda bør ha føresetnader til å kunne få ei berekraftig drift. Med tanke på posisjonen verksemda har i Kvam herad, og dei positive endringane som er gjort i drifta, meiner rådmannen at kommunen må ta ansvar som eigar for den situasjonen verksemda er i, og skyta inn ny eigenkapital. Ut frå kravet i innstillinga til fylkesrådmannen, meiner rådmannen at Kvam herad bør gå inn med inntil 3,4 mill.kr (avrunda opp til næraste kr 100.000). Dersom Samnanger kommune gjer tilsvarande og går inn med kr 700.000, vert det ein total auke i aksjekapitalen på 6,8 mill.kr.

Eigar	Andel no	Auke EK-innskot	Andel no	Andel i høve VFK	Framlegg andel	Framlegg innskot
Kvam herad	48,2	3 374 000	48,2	3 354 124	50,0 %	3 400 000
Vestland fylkeskommune	38,8	2 716 000	38,8	2 700 000	39,7 %	2 700 000
Samnanger kommune	9,6	672 000	9,6	668 041	10,3 %	700 000
NFPU	3,4	238 000	3,4			
Sum	100	7 000 000	100	6 722 165	100,0 %	6 800 000

Sidan saka ikkje er ferdig handsama i fylkeskommunen eller i Samanger, og fylkeskommunen har stilt vilkår om at dei andre eigarkommunane deltek med eigenkapitalinnskot i høve eigardel, bør Kvam herad stilla tilsvarande vilkår. Dersom ikkje alle aksjonærar skyt inn ny eigenkapital, aukar risiko for konkurs og tap av Kvam herad sin andel. Saka bør i så fall vurderast på ny. Rådmnen meiner òg at NFPU sin eigarandel bør nullstillast når dei andre eigarane betalar inn ny aksjekapitalen, då verdien før dette er lik null, men vil auka i etterkant sjølv utan bidrag frå NFPU. For å ivarta NFPU sine interesser i Hardanger AKS, bør det heller vurderast om dette kan gjerast gjennom styrerepresentasjon, ombudsrolle eller i ei anna ordning. Dette er ei vurderings om bør gjerast av styret i Hardanger AKS.

Kjøp av aksjar som vert klassifisert som finansielle anleggsmidlar (ikkje omløpsmidlar), skal først i investeringsrekneskapan. Når det gjeld finansiering, seier vedtekter for kraftfond at kommunane ikkje kan bruka kraftfondsmidlar til å tekna aksjar for meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta, og eigne retningslinjer i Kvam er ytterlegare avgrensa til å seia at dei ikkje skal brukast til aksjekapital i private bedrifter. Sidan dette er finansiering av finansielle anleggsmiddel, kan kommunen bruka ubundne kapitalfond som finansieringskjelda. Kvam herad har eit fond som heiter «Inv. Fond Kvam Kraftverk» (konto

25300003), med ein saldo på 12,8 mill.kr per 1.1.20. fondet vart oppretta av HST i sak 97/89 (14.10.97). Opphavleg var summen på 10 mill.kr etter uttak frå Kvam kraftverk AS, men lagt til renteavkastning undervegs. Føremålet var eit mellombels uttak av midlar som seinare kunne nyttast til ansvarleg lån eller auke av aksjekapital i Kvam kraftverk AS, men står til fri disposisjon for heradsstyret til å nytta til finansiering av investeringar. Rådmannen tilrår at det vert brukt til finansiering av auken i eigenkapitalen i Hardanger AKS. Bruk av investeringsfond vil gje eit tap av finansinntekter i drifta, då midlane er plassert i bank eller obligasjonsfond. Storleiken på tapet avheng av rente/avkastning. Ved 1 % rente/avkastning, utgjer det kr 34.000.

På grunn av den utfordrande likviditetssituasjonen til Hardanger AKS sommaren 2020, gjorde Kvam heradsstyre følgjande vedtak 16.06.20 (HST-090/20):

Kvam heradsstyre låner ut kr 475.000 frå kapitalfond 25300001 til ei rente på 2%. Lånet er avdragsfritt inntil det enten inngår i utvida eigenkapital i Hardanger AKS AS, eller vert tilbakebetalt innan 19.6.2021. Ved innfriing eller omdanning til eigenkapital, skal rentene enten betalast i ein eingongssum saman med lånet 19.6.2021, eller kan inngå som del av ny eigenkapital, alt etter storleiken på denne.

Dette lånet er innvilga Hardanger AKS i etterkant av utforminga av søknadspapira, og inngår ikkje i gjeldsoversikten til verksemda. Lånet måtte i etterkant korrigerast frå investering til drift, og førast og finasierast av driftsfond i kommunen og ikkje kapitalfond. Rådmannen tilrår at dette vert innfridd ved kapitalutvidinga i tråd med intensjonen i vedtaket, og tilbakeført til disposisjonsfond. Sidan lånet måtte innvilgast via drift, kan det ikkje omdannast direkte.

Fra: Unni-Renate Moe (umoe@DELOITTE.no)

Sendt: 18.01.2021 12:34:25

Til: Roald Breistein; Hesthamar, Anita

Kopi: Neteland, Kristi; gjermund; #Kvam-PolitiskSekreteriat; Fossdal, Silje; tornes@kvam.kommune.no

Emne: RE: Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Vedlegg:

Hei,

Dersom heradet leverer nødvendig dokumentasjon tidsriktig og av tilfredsstillende kvalitet, vil vi kunne levere revisjonsmelding 15.04.

Med vennlig hilsen

Unni-Renate Moe

Partner | Statsautorisert Revisor | Audit & Assurance

Deloitte AS

M: +47 480 14 072

Deloitte

From: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>

Sent: fredag 15. januar 2021 12:35

To: Hesthamar, Anita <anhe@kvam.kommune.no>

Cc: Neteland, Kristi <Krne@kvam.kommune.no>; gjermund <gjermund@nlth.no>; #Kvam-PolitiskSekreteriat <Kvam-PolitiskSekreteriat@kvam.kommune.no>; Fossdal, Silje <sifossdal@deloitte.no>; Moe, Unni-Renate <umoe@DELOITTE.no>; tornes@kvam.kommune.no

Subject: [EXT] SV: Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Hei igjen,

Sjå svaret frå Deloitte. Dersom Deloitte kan garantere at revisjonsmeldingane er klare 15.04.21 skal vi klare å få gjort vår sakshandsaming, med litt helgejobbing, slik at kontrollutvalet sine uttaler kan vera ferdig 28.04.2021. Dette gjev slik tidsramme:

- Levering av revisjonsmeldingar mv. 15.04.2021
- Utsending av innkalling til kontrollutvalet 21.04.2021 – kun 3 arbeidsdagar til sakshandsaming, noko som ikkje er tilfredsstillande
- Møte i kontrollutvalet 28.04.2021
- Møte formannskapet 05.05.2021
- Møte i heradsstyret 11.05.2021

Vi vil på det sterkaste oppfordre til at det, når møteplanen for neste år skal vedtakast, vert teke omsyn til at kontrollutvalet og sekretariatet treng nok tid på seg til å handsame rekneskapssakene på ein forsvarleg måte før dei skal til formannskapet.

Med helsing

Roald Breistein
seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Fossdal, Silje <sifossdal@deloitte.no>

Sendt: fredag 15. januar 2021 09:57

Til: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>; Moe, Unni-Renate <umoe@DELOITTE.no>

Kopi: Neteland, Kristi <Krne@kvam.kommune.no>; gjermund <gjermund@nlth.no>; #Kvam-PolitiskSekreteriat <Kvam-PolitiskSekreteriat@kvam.kommune.no>; Hesthamar, Anita <anhe@kvam.kommune.no>

Emne: RE: Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Hei,

Revisjonen av Kvam skjer i uke 12, og vi vil ikke kunne garantere at revisjonsmelding er klar før fristen 15. april, da påsken også kommer i denne perioden.

Silje Fossdal

Manager | Audit & Assurance

Deloitte AS

Lars Hilles gate 30, 5008, Bergen, Norway

D: +47 55 21 81 00 M: +47 952 68 790

sifossdal@deloitte.no | www.deloitte.no

Deloitte



[LinkedIn](#) | [Facebook](#) | [Twitter](#) | [Instagram](#)

[COVID-19 – Hva vi kan hjelpe deg med](#)

From: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>

Sent: fredag 15. januar 2021 09:49

To: Moe, Unni-Renate <umoe@DELOITTE.no>; Fossdal, Silje <sifossdal@deloitte.no>

Cc: Neteland, Kristi <Krne@kvam.kommune.no>; gjermund <gjermund@nlth.no>; #Kvam-PolitiskSekreteriat <Kvam-PolitiskSekreteriat@kvam.kommune.no>; Hesthamar, Anita <anhe@kvam.kommune.no>

Subject: [EXT] SV: Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Kva meiner Deloitte?

Med helsing

Roald Breistein

seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Hesthamar, Anita <anhe@kvam.kommune.no>

Sendt: fredag 15. januar 2021 09:23

Til: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>

Kopi: Neteland, Kristi <Krne@kvam.kommune.no>; gjermund <gjermund@nlth.no>; umoe@deloitte.no; #Kvam-PolitiskSekreteriat <Kvam-PolitiskSekreteriat@kvam.kommune.no>

Emne: SV: Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Hei! Kvam herad har alltid handsama årsmeldinga i mai-møte, og det ynskjer me å halda fram med. I juni-møte er det fokus på 1. tertial og oppstart økonomiplan for dei komande 4 åra. På nettsidene våre har me òg eit samla møteoppsett som viser større tema som vert teke opp i møtebolkane våre:

<https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/moteplan-2021/>

Møteplan 2021 - vår							
Bolk 1		Bolk 2		Bolk 3		Bolk 4	
Oppmeldfr.	15.01.21	Oppmeldfr.	19.02.21	Oppmeldfr.	09.04.21	Oppmeldfr.	14.05.21
Skrivefrist	22.01.21	Skrivefrist	26.02.21	Skrivefrist	16.04.21	Skrivefrist	21.05.21
Utending	29.01.21	Utending	05.03.21	Utending	23.04.21	Utending	28.05.21
		Vinterferie	Veke 9, 01.-05.03.	Påskeferie	Veke 13, 27.03.-05.04.		
RMNFE	08.02.21	RMNFE	15.03.21	RMNFE	03.05.21	RMNFE	07.06.21
URÅD	08.02.21	URÅD	15.03.21	URÅD	03.05.21	URÅD	07.06.21
MPB	09.02.21	MPB	16.03.21	MPB	04.05.21	MPB	08.06.21
						AFSK - øk.plan	02.06.21
FSK	10.02.21	FSK	17.03.21	FSK	05.05.21	FSK	09.06.21
Eigarmøte Hardanger AKS	10.02.21	Eigarmøte Kvam Energi	17.03.21	Eigarmøte Hardanger AKS v/behov	05.05.21	Eigarmøte Kvam Energi v/behov	09.06.21
		Dialogmøte Kvammabadet KF	17.03.21			Dialogmøte Kvammabadet KF v/behov	09.06.21
AMU	22.01.21			AMU	30.04.21	AMU	04.06.21
Hardingtinget	Ulvik 18.02.						
HST	16.02.21	HST	23.03.21	HST	11.05.21	HST - dagmøte	15.06.21
				Årsmelding Tilstandsrapport 2021		1. tertialrapport Økonomiplan Gen.forsamling Kvam Energi	

Me er godt i gang med årsavslutninga, og reknar med å klara fristane våre. Om Deloitte har noko å gå på, og kva det eventuelt krev, må dei svara på.

Anita Hesthamar

Telefon: 56 55 30 35 – 916 17 909

Fra: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>

Sendt: fredag 15. januar 2021 09:07

Til: Hesthamar, Anita <anhe@kvam.kommune.no>; #Kvam-PolitiskSekreteriat <Kvam-PolitiskSekreteriat@kvam.kommune.no>

Kopi: Neteland, Kristi <Krne@kvam.kommune.no>; gjermund <gjermund@nlth.no>; umoe@deloitte.no

Emne: Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Hei og godt nyttår.

Eg held på å lage forslag til møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021. Den skal handsamast i møte i utvalet 22.02.2021. Eg ser av den vedtekne møteplanen for dei andre politiske utvala i Kvam herad at det m.a. er lagt opp til møte i formannskapet 05.05.21 og 09.06.21 og i Heradsstyret 11.05.21 og 15.06.21. I kva av desse møta er det tenkt at årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad og årsmelding og årsrekneskap for Kvammabadet KF skal handsamast?

Kontrollutvalet skal gje uttale til begge desse før dei vert handsama i formannskapet og heradsstyret. Lovgrunnlag for dette følger av:

- Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 der det står: «Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.»
- Kommuneloven § 14-3 der det bl.a. stå dette: «Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om

økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.»

Dersom det er tenkt at handsaminga skal skje i formannskapet allereie 05.05.2021 vil vi neppe kunne klare å handsame sakene i kontrollutvalet slik at uttalene rekk frist for når møteinnkallinga til formannskapet skal sendast ut.

Fristane er slik:

- Årsregnskap for Kvammabadet KF og Askøy kommune skal være ferdig og klar til revisjon 22.02.2021, Jf. kommunelova § 14-6
- Årsmelding for Kvammabadet KF og Askøy kommune skal være ferdig og klar til revisjon 31.03.2021, jf. kommunelova § 14-7
- Delotte skal levere sine revisjonsmeldingar innan 15.04.2021, Jf. kommunelova § 24-8
- Vi bør ha minst to veker etter det for at vi skal få ei forsvarleg sakshandsaming før møteinnkalling til kontrollutvalet kan sendast ut, t.d. 29.04.2021
- Møte i kontrollutvalet kan då ikkje heldast før 06.05.2021

Med desse fristane vil vi ikkje rekke å få med kontrollutvalet sine uttaler på rekneskapane til møtet i formannskapet 05.05.2021. Men dersom Deloitte klarer å levere revisjonsmeldingane tidlegare, slik som i fjor, kan det verte ein annan situasjon.

Er det tenkt at rekneskapane skal handsamast i formannskapet 09.06.21 og i heradsstyret 15.06.2021 er det heilt uproblematisk å få sakene igjennom i kontrollutvalet i god tid.

Med helsing

Roald Breistein
seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Disclaimer: This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited. Deloitte refers to a Deloitte member firm, one of its related entities, or Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"). Each Deloitte member firm is a separate legal entity and a member of DTTL. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more.

Disclaimer: This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited. Deloitte refers to a Deloitte member firm, one of its related entities, or Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"). Each Deloitte member firm is a separate legal entity and a member of DTTL. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more.

Politiske saker
PS 1/21 Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 12 for 2019
frå Deloitte



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/168-15
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utvål	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	1/21	22.02.2021

Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr.12 for 2019 frå Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Førmålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert tetta eller følgd opp.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Signert revisjonsrapport Kvam herad 2019

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med kontrollutvalet si handsaming av Kvam herad sin årsrekneskap for 2019 i møte 27.4.2020 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.*
2. *På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 14.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.*

Revisjonsrapport nr. 12 frå Deloitte ligg ved saka.

Av ulike årsaker vert denne først lagt fram i dette møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over er rådmannen blitt beden om å komme i dette møtet for å gjera greie for status for oppfølging av denne rapporten.

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram i rådmannen si orientering, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar stilling til korleis dei bør konkludere. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Kvam herad
Att.: Rådmann Anita Hesthamar
Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 12
(journalføres)

6. april 2020

REVISJONSRAPPORT 2019

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2019. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert heradet si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekkja tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3.1 Skriftlege rutinar

Revisjonen har tidlegare år påpeikt at heradet i liten grad har skriftlege rutinar på inntektsområdet. Dokumentasjon av rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar vert gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningslinjer og på ein trygg måte. Manglande skriftleg dokumentasjon aukar risikoen for feil i rekneskapen og at heradet kan mista inntekter dei har krav på. Heradet har i 2019 arbeidd med dette og fått på plass fleire skriftlege rutinar.

3.2 Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

På lønsområdet avdekkja vi under interimrevisjonen manglande spor på at budsjetteigar har kontrollert at lønsutbetalinga er korrekt. Det er etablert ei rutine kor budsjetteigar skal etterlata kontrollspor, men ved kontroll av denne ser revisjonen at den ikkje vert følgd av alle. Heradet har derfor ikkje noko tryggleik for at kontrollen vert gjennomført. Revisjonen ber administrasjonen følgja opp og sjå til at rutinane vert etterlevde, og vi vil følgja opp med ny kontroll ved interimrevisjonen hausten 2020.

3.3 Rutinar utfakturering barnehage og SFO

Vi avdekkja under revisjonen 2018 manglande kontroll knytt til utfakturering SFO og barnehage. Vi vart i samtale med administrasjonen informert om at det ikkje vart føreteke tilfredsstillande kontroll av fakturagrunnlag eller ajourhald av forsystem for SFO og barnehage. Det er i 2019 utarbeidd nye rutinar knytt til fakturering av barnehage, og i tillegg auka opplæring og fokus på leiarane sitt ansvar for kontroll av sitt fakturagrunnlag. Revisjonen har følgd opp rapportpunktet ved revisjonen av 2019 og har innhenta rutine knytt til fakturering og ajourhald av forsystemet IST frå Norheimsund barnehage. Rutinen er vurdert tilfredsstillande.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane per 31.12.2019. Vi har og lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentera enkelte tilhøve nedanfor.

4.1 Ikkje betalt minimumsavdrag

Heradet har ikkje betalt minimumsavdrag for 2019. Berekna avdrag er av tilfredsstillande storleik sett opp mot kommunelova § 50, men per 31.12. er avdraget bokført som ei kortsiktig gjeld, og pengane som skulle vore nytta til avdrag står framleis til heradet sin disposisjon. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har presisert, seinast våren 2017, at avdrag skal betalast innan utløpet av rekneskapsåret avdraget gjeld for. I den nye kommunelova § 14-18, som trer i kraft for rekneskapsåret 2020, er denne fortolkinga lovfesta. Revisjonen meiner dette tilhøvet er eit brot på kommunelova § 50, og vil som konsekvens gje ei presisering om tilhøvet i revisjonsmeldinga.

4.2 Kvalitetssikring av budsjett

Det er i revisjonen avdekkja inkonsistens mellom budsjettpostar i høvesvis drifts- og investeringsrekneskapen. Overføring til investeringsrekneskapen er i driftsrekneskapen budsjettert med TNOK 2, medan overføring frå driftsrekneskap er budsjettert med TNOK 200 i investeringsrekneskapen. Revisjonen vil oppmoda administrasjonen om å etablere rutiner som sikrar kvalitet og nøyaktighet i prosessen med utarbeiding av budsjett.

4.3 Kvalitetssikring av rekneskapstal

Det vart under revisjonen avdekka ein feil på MNOK 2,7 som følgje av at ein reduksjon av inntekter knytt til inntektsutjamning for november 2018 var ført både i 2018 og 2019. Feilen vil bli korrigert i 2020, og rekneskapen som vert lagt fram for 2019 inneheldt ikkje vesentlege feil knytt til dette. Vi vil likevel oppmoda heradet om å etablera rutinar som sikrar kvalitet og nøyaktigheit i prosessen med utarbeiding av rekneskapen.

4.4 Avstemmingar

Revisjonen har merka seg at kvaliteten på avstemmingar har vore noko varierende ved årsoppgjeret. Det ser ut til at fleire av avstemmingane er utarbeidd før rekneskapen var endeleg avslutta, då det ved fleire høve ikkje har vore samsvar mellom beløp i rekneskap og avstemmingar (gjeld til dømes: advokathonorar, løn RF-1022 og renter). Revisjonen er takksame for at heradet held tidsfristar, men ber om at det i framtida vert utført ein kvalitetskontroll av dokumentasjonen som vert lagt fram for revisjonen.

4.5 Anleggsregister

Det er avdekka avvik mellom bokført verdi av anleggsmidlar i balansen og i anleggsregisteret. Avviket skuldast at det i anleggsregisteret er ført for mykje avskrivningar med MNOK 1,1. Avviket medfører ikkje feil i rekneskapen, men revisjonen oppmodar heradet om å ajourhalde anleggsregisteret i samband med avlegging av årsrekneskapen slik at det ikkje oppstår avvik.

5 Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-99839

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-04-06 07:54:52Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/77-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	2/21	22.02.2021

Rådmannen orienterer om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå rådmannen om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Kvam herad 07.12.2020 vart dette protokollert i sak PS 35/20:

«Håvard Gjerde (R) foreslo følgjande:

Bakgrunn:

Om elevane sine ferdigheiter i symjing seier kompetansemåla for grunnskuleopplæringa at elevar ved utgangen av 4. klasse skal:

«vere symjedyktig ved å falle uti på djupt vatn, symje 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg), så symje 100 meter på rygg og ta seg opp på land.»

Denne målsettinga har status som ei forskrift til opplæringslova, som heradet etter § 13-10 har ansvar for å oppfylle.

Spørsmål:

Kva system har heradet for å kartlegge elevar som ikkje har nådd desse kompetansemåla, og korleis vert elevane eventuelt følgt opp for å nå måla snarast mogleg?

Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte 22.02.2021 for å gjera greie for: Kva system har heradet for å kartlegge elevar som ikkje har nådd kompetansemåla når det gjeld symjing, og korleis vert elevane eventuelt følgt opp for å nå måla snarast mogleg?»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det er gjort avtale med rådmannen om at ho kjem i dette møtet for å orientere kontrollutvalet om temaet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet, på bakgrunn av informasjonen som kjem fram i møtet, drøfter seg fram til ein konklusjon.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/191-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	3/21	22.02.2021

Rådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Kvam herad

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå rådmannen på korleis status er i Kvam herad når det gjeld arbeid med etikk.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er ønskeleg at rådmannen orienterer kontrollutvalet om status i høve arbeid med etikk i Kvam herad. Ei slik orientering kan t.d. innehalde slike opplysningar:

1. Kva er gjort på området siste året
2. Kva er planlagt å gjere det neste året
3. Er det gjennomført dilemmatrening
4. Er det halde kurs eller seminar
5. Osv.

KS og Transparency International Norge (TI Norge) har laga ei dilemmasamling om refleksjon rundt etikk og antikorrupsjon i kommunar og fylkeskommunar som fins på denne lenkja:

<https://www.fkt.no/nyheter/dilemmasamling-for-kommuner-og-fylkeskommuner/>

Det vil vera ei føremon om det også vert orientert om heradet har laga eit antikorrupsjonsprogram eller har vurdert å lage eit slikt program. Jf. i samband med dette «Håndbok i antikorrupsjon - Beskytt kommunen» som du finn på denne lenkja:

<https://www.ks.no/globalassets/Beskytt-kommunen-Handbok-i-antikorrupsjon.pdf>

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det er gjort avtale med rådmannen om at ho kjem i dette møtet for å orientere kontrollutvalet om temaet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet, på bakgrunn av informasjonen som kjem fram i møtet, drøftar seg fram til ein konklusjon.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/168-16
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	4/21	22.02.2021

Deloitte presenterer risiko- og vesentlegvurdering av etterleving med økonomiforvaltninga for 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert sendt sekretariatet innan 15.04.2021 slik at den vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 28.04.2021.

Samandrag

Kontrollutvalet i Kvam herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte, presentere risiko- og vesentlegvurdering som dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2020.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen. Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si handsaming av risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga som skal utførast for rekneskapsåret 2020, vil vera eit ledd i å sjå til at heradet sine rekneskarar vert revidert på en tryggende måte og at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning.

Deloitte vil presentere sitt forslag til risiko- og vesentlegvurdering i møtet og dette vil danne utgangspunkt for diskusjon i møtet.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll er det naturleg at Deloitte legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som årsrekneskapa for 2020 skal handsamast, normalt i april-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å komme med innspel til fokusområde i etterlevingskontrollen som skal gjennomførast no, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastsett dei endelege fokusområda.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert levert til sekretariatet innan 15.04.2021 slik at den kan handsamast saman med rekneskapen i møte 28.04.2021.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/49-13
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	5/21	22.02.2021

Kurs i regi av Deloitte første halvår 2021

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Samandrag

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet på bakgrunn av at Kvam herad har avtale med Deloitte AS om å levere 1 kursdag pr. år inkludert i fastprisen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kurstilbod 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad har avtale med Deloitte AS. I kontrakten som er inngått går dette frem av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 4.0 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i heradet.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velga i vårhalvåret 2021. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Kvam herad ligg ved saka.

Hittil har Deloitte gjennomført desse kursa i Kvam herad:

- 2020 Kommunalova og tilhøyrande forskrifter.
- 2020 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

I møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønskjer å få gjennomført i første halvår 2021. Det normale til no har vore at kurskvoten for slike kurs har blitt fordelt på to halve dagar pr. år, kvar av dei med ein varighet på 2 timar og dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre i første halvår 2021. Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.



Kva kurs kan Deloitte tilby til kontrollutvala?

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> – Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerhet	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
11	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12	Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
13	Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14	Innberetning av lønn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15	Investeringsregnskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsregnskap - Skille mellom driftsregnskap og investeringsregnskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsregnskapet?
16	Andre regnskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
17	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18	Kommunelova (utvalde deler av den nye lova) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/56-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	6/21	22.02.2021

Møteplan for Kontrollutvalet i Kvam herad for 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2021:

Dato:
10.02.2021
28.04.2021
07.06.2021
06.09.2021
22.11.2021

Samandrag

Formålet med denne saken er å få vedtatt en møteplan for kontrollutvalget i Kvam herad for 2021.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskapet og heradsstyret. Av møteplanen for 2021 for øvrige politiske utval i Kvam herad går det fram at møta i heradsstyret i hovudsak er lagt til tysdagar. For formannskapet er møta i hovudsak lagt til onsdagar. Då kan det vera praktisk at kontrollutvalet legg sine møter på måndagar. Det vert lagt opp til dette for alle møta med unntak av møte 28.04.21 som vert på onsdag.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går frem over har vi laga eit forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2021 der det er teke omsyn til møta som er planlagt for heradsstyret og formannskapet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet: (Måndag)	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet (Onsdag)	Heradsstyret (Tysdag)
22.02.2021	Årsmelding for 2020 for KU		23.03.2021
28.04.2021 (onsdag)	Kommunerekneskap for 2020 Årsrekneskap Kvammabadet 2020 Uttale om etterleving 2020 Uavhengighetserklæring Revisjonsplan 2021	05.05.2021	11.05.2021
07.06.2021	Revisjonsrapport sjukefråvær	09.06.2021	15.06.2021
06.09.2021	Risikovurd. etterlev 2021 Budsjett 2022 for KU Bestilling ny revisjon	06.10.2021	19.10.2021
22.11.2021	Interimsrevisjonsrapport	24.11.2021	09.12.2021

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan for 2021 slik den ligg føre.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2015/170-21
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	7/21	22.02.2021

Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020

Forslag til vedtak

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Samandrag

Gjennom at kontrollutvalet legg fram årsmelding for føregående år, vert delar av den pålagde rapporteringa frå utvalet til heradsstyret ivareteke.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Det er heradsstyret som har vedtakskompetanse i denne saka etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å tilbakemelde til heradsstyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatene av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at heradsstyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2020 til godkjenning i heradsstyret.

ÅRSMELDING 2020

FOR KONTROLLUTVALET I

KVAM HERAD



Prosessmøte 1 i samband med risiko- og vesentlegvurdering

Foto: Roald Breistein

Innhold

1.	<i>Føremål og oppgaver for kontrollutvalet</i>	4
2.	<i>Samansetnad av kontrollutvalet</i>	4
3.	<i>Om verksemda til kontrollutvalet i 2020</i>	4
4.	<i>Konsekvensar av Covid-19 pandemien</i>	5
5.	<i>Sekretariatsordninga</i>	5
6.	<i>Revisjonstenestene</i>	6
7.	<i>Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)</i>	6
8.	<i>Opplæring</i>	6
9.	<i>Kontrollutvalet på Kvam herad sin heimeside</i>	7
10.	<i>Forvaltningsrevisjon i 2020</i>	8
10.1.	<i>Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024</i>	8
10.2.	<i>Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar</i>	9
11.	<i>Eigarskapskontroll i 2020</i>	11
11.1.	<i>Plan for eigarskapskontroll</i>	11
11.2.	<i>Gjennomført eigarskapskontroll i 2020</i>	12
12.	<i>Den økonomiske situasjonen i Kvam herad</i>	12
13.	<i>Andre saker i kontrollutvalet i 2020</i>	12
14.	<i>Oppfølging av tidlige gjennomførte revisjonar</i>	13
14.1.	<i>Forvaltningsrevisjon av internkontroll</i>	13
14.2.	<i>Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø</i>	14
14.3.	<i>Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet</i>	15

1. Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Kvam herad skal føre laupande kontroll av heradet på vegne av heradsstyret, jf. kommunelova § 23-1 første lekk.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at heradet sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2. Samansetnad av kontrollutvalet

For valperioden 2019 - 2023 er kontrollutvalet samansett slik:

Medlem	Varamedlem i rekkefølge
Gjermund Stuve, (Sp) leiar	Torgeir Magnar Børve, (Sp)
Michael Iversen, (Ap), nestleiar	Katrine Froestad, (SV)
Anita Sørnes, (Frp)	Kjerstin Valland, (Ap)
Svanhild A. Botnen, (Sp)	Ronny Samland, (Frp)
Håvard Gjerde, (Raudt)	Erla Gunnarsdottir, (Sp)

Gjermund Stuve og Håvard Gjerde har fast sete i heradsstyret.

3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2020

- Kontrollutvalet hadde 5 møter
- Kontrollutvalet har handsama 35 politiske saker og 29 referatsaker
- Kontrollutvalet har opne møter
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet
- Rådmann og andre frå administrasjonen har møtt når dei har vore innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4. Konsekvensar av Covid-19 pandemien

Grunna Covid-19 pandemien har kontrollutvalet i Kvam herad, som mange andre, måtte gjennomføre møta i stor grad som fjernmøter. Det har likevel ikkje ført til forseinkingar på saker og utvalet har klart å gjennomføre kontrollarbeidet i tråd med lover og forskrifter.

5. Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget

b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen

c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Kvam herad. Roald Breistein har vore sekretær på alle møta i 2020.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Bjørnafjorden, Øygarden, Samnanger, Vaksdal, Askøy og Austevoll. I tillegg utfører sekretariatet også sekretærtenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

6. Revisjonstenestene

Kontrollutvalet skal på vegne av heradsstyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med lov, forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS vart vald som revisor for Kvam herad etter ein prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene vinter/vår 2020. Den nye avtalen gjeld fram til og med 30.06.2024. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot heradet, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med heradsstyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane.

Deloitte sin plan for rekneskapsrevisjon vart presentert for utvalet i møte 21.09.2020. Vidare orienterte Deloitte kontrollutvalet om den utførte risiko- og vesentlegvurderinga om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2020 i det same møtet.

Dei presenterte den gjennomførte interimrevisjonen for 2020 for kontrollutvalet i møte 07.12.2020. Deloitte har i samband med interimrevisjonen gjort særskilde vurderingar av rutinar innan delar av intern kontrollen i heradet.

På bakgrunn av interimrevisjonsrapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2020 for Kvam herad til orientering.»

Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte, Unni Renate Moe, som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Kvam herad.

7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Kvam herad er medlem i FKT.

FKT sin årlege fagkonferanse som skulle vore halde i tidsrommet 03. - 04.05.2020 vart avlyst grunna korona pandemien. Årsmøtet vart gjennomført digitalt.

8. Opplæring

I februar 2020 deltok alle dei faste medlemmene i kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring på Solstrand for kontrollutvala i kommunane i tidlegare Hordaland.

I løpet av 2020 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs for kontrollutvalet innan «Kommunelova med forskrifter» og «Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll». Kostnaden til desse kursa ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og heradet.

9. Kontrollutvalet på Kvam herad sin heimeside

Kontrollutvalet vedtok i møte 27.05.2020 ny oppdatert tekst om utvalet sin rolle og ansvar, kontaktinformasjon mv. som no er lagt ut på Kvam herad si heimeside. Kontrollutvalet er godt synleg på heimesida til heradet, på same måte som dei andre politiske utvala.

10. Forvaltningsrevisjon i 2020

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som heradet har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2020.

10.1. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av heradet si verksemd og av verksemda i heradet sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i heradsstyret 16.06.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

- 1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.*
- 2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.*
- 3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
- 4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
- 5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
- 6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.*

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

- 1. Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar*
- 2. Vedtaksoppfølging*

3. Innkjøp
4. Berekraft, klima og miljø
5. Hardanger AKS AS (Storeholmen)
6. Leverandør- og kontraktsoppfølging
7. Investeringar
8. Kvammabadet KF

10.2. Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av «Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar» i møte 21.09.2020.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke korleis Kvam herad arbeidar for å redusere og følgje opp sjukefråvær i barnehagane, og korleis dei sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse i barnehagane. I tillegg vil det vere eit føremål å undersøke kva rutinar Kvam har for tilsyn med private barnehagar i heradet.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har barnehagane utarbeidd ein årsplan for arbeidet i barnehagane, og i kva grad blir arbeidet med oppfølging av planen jamleg vurdert?
2. I kva grad har heradet tilstrekkeleg oversikt over arbeidsmiljøet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) Blir det gjennomført trivselsundersøkingar i barnehagane?
 - b) Kva forbetningsområde er eventuelt identifisert?
 - c) Er det ulikskap mellom barnehagane og korleis blir eventuelle forbetningsområde følgt opp?
3. I kva grad har heradet sikra ei grunnbemanning i dei kommunale barnehagane som er i samsvar med talet på born i ulike aldersgrupper?
4. Er det utarbeidd tydelege mål for sjukefråværet i dei kommunale barnehagane i Kvam herad, og i kva grad blir måla nådde?
5. Har heradet tilstrekkeleg oversikt over årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) I kva grad har heradet oversikt over
 - i. om årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane er arbeidsrelatert?
 - ii. årsaker til eventuelle variasjonar i sjukefråvær i barnehagane?
 - b) Har det vore endringar i sjukefråværet i dei kommunale barnehagane som følgje av Covid-19 pandemien?
6. Har heradet sett i verk systematiske tiltak for å førebyggje og redusere sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) Kva tiltak er sett i verk, og korleis blir tiltaka eventuelt følgt opp og evaluert?
 - b) I kva grad er det etablert tiltak for å sikre erfaringsdeling på tvers av barnehagane knytt til sjukefråværsrelatert arbeid?
 - c) I kva grad blir dei tilsette i dei kommunale barnehagane involvert i å kartlegge eventuelle utfordringar på arbeidsplassane som kan føre til sjukefråvær?
7. I kva grad legg Kvam herad til rette for kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane i kommunen? Under dette:
 - a) Har heradet tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet i barnehagane, og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?
8. Kva konsekvensar har sjukefråvær for bemanning og vikarbruk i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a) I kva grad klarar barnehagane å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft ved sjukefråvær?
 - b) I kva grad blir det henta inn vikar i samband med sjukefråvær i barnehagane?
9. I kva grad har sjukefråvær i dei kommunale barnehagane konsekvensar for det pedagogiske tilbodet til barna?

- a) *Er sjukefråvær til hinder for barnehagedrift i samsvar med nasjonale føringar for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) og for planmessig pedagogisk arbeid?*
10. *I kva grad sikrar Kvam herad tilstrekkeleg med tilsyn av dei private barnehagane i heradet?*
- a) *Er det etablert tilreidsstillande rutinar for gjennomføring av tilsyn, inkludert risikovurderingar?*
- b) *Blir det gjennomført tilsyn i samvar med krav og rutinar for dette?*
- c) *Blir eventuelle avvik som blir avdekkja i tilsyn dokumentert og følgt opp?*
11. *Korleis sikrar heradet ein tilstrekkeleg opptaksprosess i barnehagane?*
- a) *Korleis legg heradet til rette for ein samordna opptaksprosess for barnehagane i heradet?*
- b) *Korleis blir likehandsaming av barn og likehandsaming av kommunale og private barnehagar sikra i opptaksprosessen?*

Revisjonsrapport skal etter planen leverast 30.04.2021

11. Eigarskapskontroll i 2020

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i heradet sine selskap og heradet si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i heradet sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 10 foran.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

11.1. Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av heradet sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for eigarskapskontroll som vart handsama i heradsstyret 16.06.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

- 1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.*
- 2. Planen erstattar plan selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.*
- 3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
- 4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
- 5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
- 6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til heradsstyret.*

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. *Eigarskapsforvaltning*
2. *Kvam Energi AS*
3. *Hardanger AKS*
4. *Kvam kraftverk AS*

11.2. Gjennomført eigarskapskontroll i 2020

Det vart ikkje gjennomført eigarskapskontroll i 2020.

12. *Den økonomiske situasjonen i Kvam herad*

Kontrollutvalet i Kvam herad handsama årsrekneskapen for 2019 i møte 27.04.2020 der det vart gjeve m.a. slik uttale:

- *Kontrollutvalget forutsett at presiseringa i revisjonsmeldinga gjeldande at det ikkje er betalt avdrag på lån vert bragt i orden*
- *Det vert tilrådd at Kvam herad prioriterer å sette fokus på forbettringsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte.*
- *Kontrollutvalet ser det som positivt av Kvam herad i 2019 har eit positivt driftsresultat og eit tilfredsstillande disposisjonsfond.*
- *Kontrollutvalet er uroa for at Kvam herad si lånegjeld har vore høg fleire år på rad og ligg langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2019 på 124,4 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2018 var på 120,6 %.*

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.*
2. *På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 14.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.*

Oppfølging av punkt 2 i vedtaket var diverre ikkje gjennomført i 2020, men dette vil verta gjort i første møte i 2021.

13. Andre saker i kontrollutvalet i 2020

- Budsjet for kontroll og tilsyn i Kvam herad for 2020.
- Kontrollrapport og årsmelding for 2019 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen.
- Driftsrapportar og økonomiplan
- Årsmelding 2019 for kontrollutvalet

14. *Oppfølging av tidligere gjennomførte revisjonar*

Kontrollutvalet har i løpet av 2020 følgt opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve heradsstyret sine vedtak i tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med handsaming av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 som lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

14.1. Forvaltningsrevisjon av internkontroll

Heradsstyret i Kvam herad handsama forvaltningsrevisjonsrapporten internkontroll i møte 26.03.2019, sak 019/19 og gjorde slikt vedtak samrøystes:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Internkontroll» ber heradsstyret rådmannen syta for:

- 1. Ferdigstille arbeidet med å a. etablere eit felles internkontrollsystemet*
 - a. utarbeide det overordna internkontrolldokumentet, og gjere det kjend blant tilsette og leiarar*
 - b. ytterlegare konkretisere måla for einingane*
 - c. etablere rutine som sikrar at dei etiske retningslinene årleg blir drøfta av alle tilsette i heradet*
 - d. utarbeide skriftlege rutinar for arbeidsprosessar som manglar dette*
 - e. ta i bruk dokumentsytringsmodulen i kvalitetssystemet, slik at rutinar blir haldne oppdaterte og blir gjort tilgjengelege på ein føremålstenleg måte*
- 2. Etablere system for å*
 - a. gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå*
 - b. kontrollere at rutinar og retningsliner blir etterlevd*
 - c. jamleg gjennomgå og evaluere internkontrollen*
 - d. halde oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov*
- 3. Vurdere tiltak for å*
 - a. sikre at ansvar og myndigheit er tydeleg fordelt, blant anna gjennom at det administrative delegeringsreglementet blir gjort kjend*
 - b. auke fokus på å førebyggje korrupsjon og misleghald*
 - c. sikre tidsriktig og effektiv kommunikasjon og informasjon*
 - d. sikre at rapporteringa gir leiinga god oversikt og kontroll på heile verksemda*
 - e. sikre at rutinar for varsling og oppfølging av varsel blir gjort kjende*
 - f. vidareutvikle kulturen for å melde og følgje opp avvik*
- 4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.08.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har følgd opp denne rapporten 3 gonger, seinast i møte 07.12.2020, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av internkontroll, sidan førre rapportering.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2021.*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.*

14.2. Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjon: Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane i møte 28.11.2018 Prosjektplan vart godkjent 20.02.2019, PS 4/19

Rapporten vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 27.11.2019, PS 47/19 og slik innstilling til heradsstyret vart samrøystes vedteke:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten; Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane, ber heradsstyret rådmannen syta for:

2. *at alle skulane har lovpålagt skulemiljøutval og gjennomfører møte i skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.*
3. *at det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna må det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene.*
4. *at det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta, og at det på skulane blir retta merksemd mot den skjerpa aktivitetsplikta.*
5. *at skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfte i personalet kva denne inneber, samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.*
6. *å tydeleggjera overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det er etterprøvbart i kva grad involverte elevar har blitt høyrd og kva elevane har gitt uttrykk for.*
7. *at skulane, gjennom erfaringsdeling og opplæring, får ein felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.*
8. *å tydeleggjera korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.*
9. *å sikra at sanksjonane som er skildra i ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.*
10. *at mangel på digitale verktøy eller internettsamband ikkje er hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.*
11. *å utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.*
12. *at lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.*
13. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen 2 gongar, seinast i møte 21.09.2020, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» er vorte forseinka. Vidare har ein merka seg at grunnen til dette er at Korona-pandemien har ført til at ein del andre oppgåver måtte prioriterast, noko utvalet har stor forståing for.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.

14.3. Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet

Kontrollutvalet fekk henvending frå Kvam MDG i april 2019, gjeldande spørsmål knytt til kommuneplanarbeidet i heradet. Kontrollutvalet gjennomførte ekstramøte 07.05.2019 og her vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide ein prosjektplan med utgangspunkt i spørsmål 3, 5 og 7 i brevet frå MDG i Kvam og kontrollutvalet sine problemstillingar a-c. Dei øvrige spørsmåla er vurdert og kontrollutvalet vil ikkje gå vidare med desse.*
2. *Prosjektplan vert å sende kontrollutvalet på epost og utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenne denne.*

Prosjektplanen vart godkjent juni 2019 og hadde slikt føremål og problemstillingar:

Føremålet med notatet vil vere å undersøke om ABO er vurdert som uavhengig og eventuell rolleblending ved bruk av ABO plan og arkitektur i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam herad. Det er vidare eit føremål å avklare forhold knytt til interesser i Hardangerbadet og habilitet i samband med vedtak av ny kommuneplan, og heradet sin strategi for å sikre openheit om politiske prosessar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Blei det frå Kvam herad si side vurdert i kva grad ABO var uavhengig og eventuelt hadde fleire roller som kunne vere i konflikt, då ABO blei engasjert i samband med kommuneplanarbeidet?
 - a. Kven gjennomførte slike vurderingar?
 - b. Er vurderingane dokumenterte?
 - c. Har Kvam herad rutinar for å vurdere og stille krav til leverandørar om å vere uavhengige?
2. Vil heradsstyrerepresentantar med interesser i Hardangerbadet vere habile til å vedta ny kommuneplan for Kvam herad?
3. Kva strategi har heradet for å sikre openheit om politiske prosessar?
 - a. I kva grad har heradet etablert rutinar for å registrere og vurdere lobbyaktivitet?

Notat frå Deloitte «Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam» vart handsama i kontrollutvalet 09.10.2019 og utvalet gjorde slik innstilling til heradsstyret i PS 39/19:

På bakgrunn av Notat, «Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam» ber heradsstyret rådmannen syta for:

1. *å etablere rutinar for å sikre at leverandørar av tenester gjer ei vurdering av habilitet og uavhengighet.*
2. *å arbeide vidare med eit lobbyregister i Kvam herad som tilfredsstillar krava i ny personopplysingslov.*
3. *å melde tilbake til kontrollutvalet innan 01.02.2020 på når og korleis desse punkta vert gjennomført.*

Kontrollutvalet har følgde opp denne saka i møte 09.03.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølginga av vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam og seier seg ferdig med saka.*
2. *Kontrollutvalet ønskjer lukka til med det vidare arbeidet.*

Kvam herad

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vlfk.no
e-post: roald.breistein@vlfk.no
e-post: kjartan.haugsnnes@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/185-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	8/21	22.02.2021

Forvaltningsrevisjon - Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om kor langt dei er komne i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen, om alt går etter planen og om det kan vera aktuelt å justera bestillinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av «Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar» i møte 21.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar».*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve i møte, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 05.10.2020.*
4. *Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*

I tråd med punkt 3 i vedtaket mottok sekretariatet forslag til prosjektplan frå Deloitte innan fristen. Denne vart vidaresend til leiar i kontrollutvalet med tilråding om at den vart godkjend, inkludert opsjon på problemstilling nr. 11. Leiar i utvalet slutta seg til tilrådinga. Deloitte fekk 07.10.20 melding om at arbeidet kunne startast opp og at revisjonsrapport skal vera klar frå Deloitte si side innan 30.04.2021, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd. Prosjektplanen ligg ved.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke korleis Kvam herad arbeidar for å redusere og følgje opp sjukefråvær i barnehagane, og korleis dei sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse i barnehagane. I tillegg vil det vere eit føremål å undersøke kva rutinar Kvam har for tilsyn med private barnehagar i heradet.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad har barnehagane utarbeidd ein årsplan for arbeidet i barnehagane, og i kva grad blir arbeidet med oppfølging av planen jamleg vurdert?*
2. *I kva grad har heradet tilstrekkeleg oversikt over arbeidsmiljøet i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
 - a) *Blir det gjennomført trivselsundersøkingar i barnehagane?*
 - b) *Kva forbetningsområde er eventuelt identifisert?*
 - c) *Er det ulikskap mellom barnehagane og korleis blir eventuelle forbetningsområde følgt opp?*
3. *I kva grad har heradet sikra ei grunnbemanning i dei kommunale barnehagane som er i samsvar med talet på born i ulike aldersgrupper?*
4. *Er det utarbeidd tydelege mål for sjukefråværet i dei kommunale barnehagane i Kvam herad, og i kva grad blir måla nådde?*
5. *Har heradet tilstrekkeleg oversikt over årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
 - a) *I kva grad har heradet oversikt over*
 - i. *om årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane er arbeidsrelatert?*
 - ii. *årsaker til eventuelle variasjonar i sjukefråvær i barnehagane?*
 - b) *Har det vore endringar i sjukefråværet i dei kommunale barnehagane som følgje av Covid-19 pandemien?*
6. *Har heradet sett i verk systematiske tiltak for å førebyggje og redusere sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
 - a) *Kva tiltak er sett i verk, og korleis blir tiltaka eventuelt følgt opp og evaluert?*
 - b) *I kva grad er det etablert tiltak for å sikre erfaringsdeling på tvers av barnehagane knytt til sjukefråværsrelatert arbeid?*

- c) *I kva grad blir dei tilsette i dei kommunale barnehagane involvert i å kartlegge eventuelle utfordringar på arbeidsplassane som kan føre til sjukefråvær?*
7. *I kva grad legg Kvam herad til rette for kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane i kommunen? Under dette:*
- a) *Har heradet tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet i barnehagane, og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?*
8. *Kva konsekvensar har sjukefråvær for bemanning og vikarbruk i dei kommunale barnehagane? Under dette:*
- a) *I kva grad klarar barnehagane å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft ved sjukefråvær?*
- b) *I kva grad blir det henta inn vikar i samband med sjukefråvær i barnehagane?*
9. *I kva grad har sjukefråvær i dei kommunale barnehagane konsekvensar for det pedagogiske tilbodet til barna?*
- a) *Er sjukefråvær til hinder for barnehagedrift i samsvar med nasjonale føringar for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) og for planmessig pedagogisk arbeid?*
10. *I kva grad sikrar Kvam herad tilstrekkeleg med tilsyn av dei private barnehagane i heradet?*
- a) *Er det etablert tilreidsstillande rutinar for gjennomføring av tilsyn, inkludert risikovurderingar?*
- b) *Blir det gjennomført tilsyn i samvar med krav og rutinar for dette?*
- c) *Blir eventuelle avvik som blir avdekka i tilsyn dokumentert og følgt opp?*
11. *Korleis sikrar heradet ein tilstrekkeleg opptaksprosess i barnehagane?*
- a) *Korleis legg heradet til rette for ein samordna opptaksprosess for barnehagane i heradet?*
- b) *Korleis blir likehandsaming av barn og likehandsaming av kommunale og private barnehagar sikra i opptaksprosessen?*

Av prosjektplanen går det vidare fram at det er lagt inn slike avgrensingar i revisjonen:

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle heradet si oppfølging av sjukefråvær i kommunale barnehagar. Private barnehagar, NAV og sjukemeldar (til dømes fastlege) er såleis ikkje omfatta av denne tematikken i prosjektet. Det går fram av forskrift om statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom § 6 at det i hovudsak er arbeidstilsynet og NAV som kan krevje at ei verksemd legg fram sjukefråværsstatistikk. Kommunen kan dermed ikkje krevje denne oversikta frå private barnehagar.

Målet med heradet sitt tilsyn med private barnehagar er avgrensa til å sikre at dei etterlever lovar og forskrifter og å sikre at barna får eit tilbod med god kvalitet. Det er barnehageeigar sjølv som har ansvar for å mellom anna tilsette tilstrekkeleg og kompetent personale og å følgje opp tilsette ved sjukefråvær.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til heradsstyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/19-20
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	9/21	22.02.2021

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» for det meste er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 7 og 11 til første møte i utvalet etter sumarferien 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si tredje oppfølging av vedtak gjort i heradsstyret 17.12.2019 av forvaltningsrevisjonsrapport innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status i arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø og IKT i skulen
- 2 Handlingsplan forvaltningsrevisjon revidert jan 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak 141/19 i møte 17.12.2019:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten; Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane, ber heradsstyret rådmannen syta for:

- 1. at alle skulane har lovpålagt skulemiljøutval og gjennomfører møte i skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.*
- 2. at det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna må det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene.*
- 3. at det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpaste aktivitetsplikta, og at det på skulane blir retta merksemd mot den skjerpaste aktivitetsplikta.*
- 4. at skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfte i personalet kva denne inneber, samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.*
- 5. å tydeleggjera overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det er etterprøvbart i kva grad involverte elevar har blitt høyrd og kva elevane har gitt uttrykk for.*
- 6. at skulane, gjennom erfaringsdeling og opplæring, får ein felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.*
- 7. å tydeleggjera korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.*
- 8. å sikra at sanksjonane som er skildra i ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.*
- 9. at mangel på digitale verktøy eller internett samband ikkje er hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.*
- 10. å utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.*
- 11. at lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.*
- 12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Rapportering til heradsstyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årlegg fram si årsmelding for heradsstyret til godkjenning.

Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen har skjedd ved to tidlegare høve, siste gong i møte i kontrollutvalet 21.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam»

- er vorte forseinka. Vidare har ein merka seg at grunnen til dette er at Korona-pandemien har ført til at ein del andre oppgåver måtte prioriterast, noko utvalet har stor forståing for.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2021.
 3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heraddstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding, dagsett 25.01.2021, motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet no er ferdig gjennomført. Det vert m.a. vist til at det er laga ein «Overordna plan for trygt og godt skulemiljø for grunnskulen i Kvam» som ein kan finne på denne lenkja: <https://www.kvam.no/tryggskule/> Det er likevel litt arbeid som står att når det gjeld punkta 7 og 11 i handlingsplanen. På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av desse punkta til første møte i utvalet etter sumarferien 2021.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet merkar seg som positivt at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» for det meste er ferdig gjennomført. Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 7 og 11 til første møte i utvalet etter sumarferien 2021. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.



Kontrollutvalet Kvam herad

Vår ref.
19/660-13/N-212.0/HEIFOS

Dykkar ref.

Dato:
25.01.2021

Status i arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø og IKT i skulen, januar 2021

Rådmannen viser til vedtak i kontrollutvalet 21.09.2020, der utvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet 2021.

Handlingsplanen frå februar, med oppdateringar i august 2020, er framleis gjeldande. Planen er oppdatert med «utført» eller andre kommentarar bak dato, og er vedlagt. Datoar markerte med raud skrift syner at delar av tiltaket er under arbeid og ikkje ferdigstilt.

Administrasjonen har prioritert arbeid med ny overordna plan for trygt og godt skulemiljø i Kvam. Planen har vore drøfta i rektorgruppa/skuleleiargruppa, slik at det har vore høve til innspel og medverknad undervegs. Planen er omfattande og er avgjerande for fleire andre tiltak etter forvaltningsrevisjonen. Overordna plan for trygt og godt skulemiljø for grunnskulen i Kvam er no tilgjengeleg på Kvam herad sine nettsider, kvam.no Planen er gjort kjent for skuleleiinga og dei tek denne vidare til tilsette, råd og utval i organisasjonen. Overordna plan for trygt og godt skulemiljø er ein plan som inneheld både dei store linjene, men også mange detaljar då delar av planen er rutinar. Det er difor ynskjeleg at planen er ein «levande» plan som ikkje står i fare for å bli lagt til side, men ein plan som kan justerast og endrast når det er trong for det. På denne måten kan brukarane koma med innspel til endringar og dette kan drøftast fortløpande. Dette er også noko av bakgrunnen for at planen er publisert på nettsidene. Planen på kvam.no er til ei kvar tid den gjeldande planen. Risikoen for at det vert ulike versjonar dersom det skjer endringar er då mindre.

Punkta som gjeld IKT er utført eller «under arbeid» i tråd med fristane i handlingsplanen slik den var sett opp også i august. Det er sett ned ei digitaliseringsgruppe der representantar frå skuleleiarane er med. Her har ein mellom anna jobba med å få på plass ei kommunikasjonsløysing til bruk mellom skule og heim. Av fleire tilbydarar gjekk Kvam herad for løysinga Transponder. Opplæring/kursing har starta. Dette vil vera eit stort løft og ei lette i samarbeidet heims-skule, uavhengig av tema.

Spørjing til dei tilsette om kva dei har behov for når det gjeld digital kompetanse er ferdig. Digitaliseringsgruppa ser no på prioritering av kurs og opplæring for dei tilsette slik at dei får det kompetanseløftet dei treng. Samstundes vil opplæringa vera med på å tette «gapet» innan dette området. Vidare vil ein fylgja planen som gjeld kompetanseheving både for tilsette og elevar.

Pc-tettleiken for mellomtrinnet er no 1:1 i heile Kvam. Me er på veg til å oppnå full dekning frå 1. til 4. trinn på dei skulane, Strandebarm skule, Øystese skule og Norheimsund skule. På dei andre skulane er det no pc-tettleik 1:1 også for dei yngste elevane.

Oversikt/portal som syner digitale læremiddel har vore diskutert, men ein fann at det vart for store kostnader med å nytta eksterne leverandørar til å utvikla dette. Alternativet er å utvikla noko sjølv. Dette er ikkje utført.

Det meste av arbeidet i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjonen er no gjennomført. Det er likevel viktig å understreka at mykje av dette arbeidet krev at ein kontinuerleg held seg oppdatert og at ein

ikkje kan sleppa taket. Dette gjeld anten det er arbeidet med trygt og godt skulemiljø, kompetanse hos dei tilsette, eller pc-tettleik.

Helsing

Heidi Fossdal

Skulefagleg rådgjevar

Telefon: 56553058

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Anita Hesthamar

Astrid-Anett Steine

Inga Lill Jensen Tolo

Vedlegg

25.01.2021

Tittel

Handlingsplan forvaltningsrevisjon revidert jan 2021

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon skule 2019:

“Arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane”

I samsvar med vedtak 141/19, 19.12.2019 i heradsstyret «Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 24.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga», er det utarbeida fylgjande handlingsplan for det vidare arbeidet. (Handlingsplanen er revidert august 2020):

	Oppgåve	Tiltak	Ansvar	Prioritet/frist
1.	Alle skulane har lovpålagte skulemiljøutval og gjennomfører møte i Skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjera og tydeleggjera ytterlegare kva som kan og bør vera Skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.	<ul style="list-style-type: none"> Rutine for gjennomføring av SU/SMU vert laga og lagt i Compilo. Rutinen skal innehalda informasjon om kva type saker som skal opp i desse møta. Gjennomføra møte i SU/SMU Gjennomføring av møta vert lagt som oppgåve for rektor i 1310. Kontrollera at oppgåvene i 1310 er utført i tråd med rutina. 	Skuleeigar Rektor Skuleeigar Skuleeigar	01.09.20 -utført 15.10.20 -utført 01.09.20 -utført 20.10.20 -utført
2.	Det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna bør det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av alle dei ulike handlingspliktene.	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeida ny «Overordna plan for trygt og godt skulemiljø» Laga skriftlege rutinar knytt til dei ulike handlingspliktene. Gjennomføring og kontroll vert lagt som oppgåve for rektor i 1310. 	Skuleeigar Skuleeigar Skuleeigar	01.11.20 -utført 01.11.20 -utført 01.11.20 -utført
3.	Det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta, og at det på skulane blir retta merksemd mot den skjerpa aktivitetsplikta.	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeida eigen rutine som gjeld «Skjerpa aktivitetsplikt». Gjennomføring vert lagt som oppgåve for rektor i 1310. Kontrollera at oppgåve i 1310 er utført. 	Skuleeigar Skuleeigar Skuleeigar	01.07.20 -utført 01.11.20 -utført 01.11.20 -utført
4.	a) Skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfta i personalet kva denne inneber, b) samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.	<ul style="list-style-type: none"> Oppgåve som gjeld informasjon og drøfting av aktivitetsplikta vert lagt inn i 1310. Informasjon og drøfting vert gjennomført to gongar årleg, ved skulestart om hausten og innan 1. februar. Utarbeida rutine om aktivitetsplikta til leiarar for ulike tenester som jamleg har oppgåver i skulane. Desse leiarane får ansvar for å dela denne informasjonen med sine tilsette og melda tilbake til skuleeigar når dette er gjort. 	Skuleeigar Rektor Skuleeigar	01.11.20 -utført -utført -utført
5.	Tydeleggjera overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det kan etterprøvast i kva grad involverte elevar har blitt høyrd og kva elevane har gitt uttrykk for.	<ul style="list-style-type: none"> Malen for Aktivitetsplan er endra. Elevmerknad er eit eige punkt i den endra malen. Dette sikrar at det kan etterprøvast om eleven er blitt høyrd. Aktivitetsplan skal liggja i Compilo. Framtidige oppdateringar av planen skjer i dette kvalitetssystemet. 	Skuleeigar Skuleeigar	01.09.20 -utført -utført
6.	Skulane skal, gjennom erfaringsdeling og opplæring, få ein felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.	<ul style="list-style-type: none"> Skuleigarnivå: § 9A vert fast tema på rektormøte. Dette vert lagt inn i malen for møtet. Erfaringsdeling og opplæring. Skulenivå: § 9A tema på møte rektor har med sine tilsette. (Viser til punkt 4) Rapportering kvartalsvis til skuleeigar i Teams på tal aktivitetsplanar. Arbeidsoppgåvene vert lagt inn i rutinen og som oppgåve i 1310. 	Skuleeigar Rektor Skuleeigar Skuleeigar	01.11.20 -utført 01.11.20 -utført -utført -utført

	Oppgåve	Tiltak	Ansvar	Prioritet/frist
7.	Tydeleggjera korleis skulane skal dokumentera kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentera), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.	<ul style="list-style-type: none"> Dokumentasjon vert lagt inn som eige punkt i ny rutine som gjeld aktivitetsplikt. Her skal det gå fram kva som skal dokumenterast, kvar det skal dokumenterast og kven som har ansvaret. GDPR-protokollar skal utarbeidast. 	Skuleeigar Skuleeigar/rektor	01.11.20 -utført Delvis utført. Protokoll og DPIA er utarbeidd. Manglar tilbakemelding frå personverombod på protokoll. DPIA godkjent av Oppvekstsjef.
8.	Sikra at sanksjonane som er skildra i skulane sine ordensreglement er i tråd med gjeldande regelverk.	<ul style="list-style-type: none"> Ordensreglement – sanksjonane som gjeld å halda att mobil etter skuletid ved misbruk, er ikkje tråd med lova. Informasjon er sendt ut til rektorane. Ordensreglement på skulane må endrast. Kontrollera at oppgåva er utført. 	Skuleeigar Rektor Skuleeigar	01.05.20 -utført
9.	Mangel på digitale verktøy eller internettsamband skal ikkje vera til hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.	<ul style="list-style-type: none"> Måltal for pc-tettleik er henta inn. Ut frå tala skal det utarbeidast prioriteringsliste for komande innkjøp. Alle skulane har no fått Wifi som fungerer. Samansetning og mandat for IKT-gruppa skal evaluerast 	Skuleeigar/IT Skuleeigar/IT	25.01.21 -utført. 25.01.21 -utført 01.09.20 -utført
10.	Utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.	<ul style="list-style-type: none"> Laga oversikt/portal som syner digitale læremiddel som er tilgjengelege i heradet og på dei ulike skulane. 	IKT-gruppa/IT	01.10.20. Har vurdert eksterne tilbydarar, men dette vart for kostbart.
11.	Lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.	<ul style="list-style-type: none"> Kartleggja status for bruk av digitale læremiddel ute i skulane, samt utarbeida kompetanseplan for IKT i skulen. Plan for digital kompetanse skal innehalda implementering, iverksetjing og vidare arbeid for å fornya/oppretthalda kompetansen hos dei tilsette. Det skal gjennomførast ei undersøking/kartlegging av kompetansen til dei tilsette som gjev konkrete svar på kva som hindrar bruk av IKT. IT-avdelinga opplever no lite tilbakemeldingar på feil og manglar. Utarbeida plan for kompetanseheving innan IKT, både for tilsette og elevar. Sjå punkt 11. 	Skuleeigar/IKT-gruppe Skuleeigar/tilsette/IKT-gruppa Skuleeigar/IKT-gruppa	01.07.21-under arbeid 01.11.20 -utført 01.02.21 -under arbeid

Utarbeida av Oppvekst stab, februar 2020

Revidert januar 2021



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/74-9
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	10/21	22.02.2021

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinere tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 10.12.2020
- Formannskapet 10.02.2021
- Miljø, plan og bygningsutval 09.02.2021

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksfremstillinga over til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/77-12
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	11/21	22.02.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.